



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Supplerande kartlegging av naturtypar i Skodje kommune i 2011



Rapport 2012:03

Framsidebilde: *Gammal furu med raudlistearten gubbeskjegg, litt vest for Skinstadreset naturreservat. Dermed er det allereie sagt kva som er typisk for Skodje; store og dels gamle furuskogar, med nasjonal verdi for somme lokalitetar. Kjerneområdet for kystfuruskog og gubbeskjegg på Sunnmøre ligg nettopp i Skodje.* Foto: Dag Holtan.

Utførande konsulent: Dag Holtan	Kontaktperson/prosjektansvarleg: Dag Holtan	ISBN 978-82-7430-249-5 (Pdf utgåve) ISBN 978-82-7430-248-8 (Papirutgåve)
Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Kjell Lyse	År: 2011
Referanse: Holtan, D. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i Skodje kommune 2011. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport nr. 3 - 2012: 110 s. ISBN 978-82-7430-248-8 (papirutgåva).		
Referat: Det er i vekstsesongen 2011 gjennomført supplerande kartlegging av naturtypar i Skodje kommune på nordre Sunnmøre. Av i alt 64 avgrensa objekt (no og tidlegare) er 13 vurdert som svært viktige for det biologiske mangfaldet (A), 33 som viktige (B) og 6 som lokalt viktige (C). Dei resterande er anten ikkje naturtypar etter den metodikken som er fastsett, eller har fått verdiane sterkt reduserte m.a. grunna attgroing eller er øydelagde av inngrep osb. Merk at dei fem naturreservata kjem i tillegg her. Størst botaniske verdiar finn ein i ulike utformingar av edellauvskog, furuskog og gammal lauvskog, men det er framleis att eit par naturbeitemarker, slåtteenger og ulike våtmarksMiljø som har bra med biologiske kvalitetar.		
Emneord: Skodje Naturtypar Raudlisteartar Verdisetting		
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
Ulf Lucasen (Seksjonssjef)	Lindis Nerbø (Miljøverndirektør)	

Forord

På oppdrag frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, har biolog Dag Holtan utført supplerande kartlegging av naturtypar i Skodje kommune. Oppdraget har omfatta kartlegging, verdisetting og avgrensing av naturtypar med artsinformasjon (unntatt vilt), ved både eigne feltundersøkingar og innsamling og systematisering av eksisterande informasjon, og er ei vidareføring av arbeidet frå 2001. Mykje av feltarbeidet gått med til kvalitetssikring av eksisterande kunnskap.

Bakgrunnen for kartlegginga av naturtypar er mellom anna den politiske målsetjinga, uttrykt i Stortingsmelding 58 (1996-97), om at alle kommunar i landet skal kartlegge og ha oversikt over viktige område for biologisk mangfald på sitt areal. Noreg har òg, saman med fleire andre land, sluttar seg til ei internasjonal målsetjing om å stanse tap av biologisk mangfald innan 2010, det såkalla 2010-målet ("Countdown 2010", no justert til 2020). For å kunne ta vare på biologiske verdiar må ein vite kva verdiar ein har og kor desse finst. Den føreliggjande oversikta over verdifulle naturtypar i Skodje er nok eit viktig steg på vegen i å få betre kunnskap om dei biologiske verdiane i kommunen.

Underteikna takkar for eit godt samarbeid med Kjell Lyse ved fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Det nye feltarbeidet er utført av Dag Holtan i 2011. Alle bilda i rapporten er tekne av forfattaren sjølv. Sopp- og mosesakkunnig Perry Larsen, Skodje, har delteke i mykje av arbeidet.

Ørskog 12.03.2012

Dag Holtan

Innhald

1 SAMANDRAG	8
2 INNLEIING	12
2.1 BAKGRUNN	12
2.2 KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	13
2.3 VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	14
2.4 TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	15
2.4.1 Fysiske inngrep	15
2.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk	15
2.4.3 Spreiing av framande organismar.....	16
2.4.4 Overhausting	16
2.4.5 Forureining.....	16
2.5 FORVALTING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	17
2.5.1 Verneområde i Skodje	17
2.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen	17
2.5.3 Aktiv sikring.....	18
2.5.4 Passiv sikring	18
2.5.5 Grunneigaravtalar.....	18
2.5.6 Verkemiddel i landbruket	18
2.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfold innan 2020	18
2.6 FØREMÅLET MED RAPPORTEN	19
2.7 FORKLARING AV NOKRE OMREP	19
3 METODE	21
3.1 INNSAMLING AV INFORMASJON	21
3.1.1 Viktige litteraturkjelder	22
3.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven	23
3.1.3 Innsamling frå einskildpersonar	23
3.1.4 Feltarbeid	23
3.1.5 Bestemming og dokumentasjon	23
3.2 VERDISETTING OG PRIORITERING	23
3.2.1 Generelt.....	23
3.2.2 Kriterium og kategoriar.....	24
3.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar	24
3.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar	24
3.2.5 Område med lite data eller usikker status.....	24
3.3 PRESENTASJON	25
3.3.1 Generelt.....	25
3.3.2 Omtale av lokalitetane.....	25
3.3.3 Kartavgrensing	25
4 NATURGRUNNLAGET	26
4.1 NATURGEOGRAFI OG KLIMA	26
4.2 BERGGRUNN OG LAUSMASSAR	26
4.3 KULTURPÅVERKNAD	28

5 NATURTYPAR 29

5.1	HOVUDNATURTYPAR	29
5.2	LOKALITETAR MED NYTT FELTARBEID I 2011	31
1529051	Brusdalen: Rødlandstua.....	31
1529052	Brusdalen: Slettebakktjønna.....	32
1529053	Brudsalsvatnet: Sandvika	33
1529113	Ellingsøyfjorden: Høyvika	34
1529054	Ellingsøyfjorden: Mørkeset.....	34
1529055	Ellingsøyfjorden: Utvikfjellet.....	36
1529056	Engeset: Storsætra.....	37
1529057	Engeset: Øyedalen.....	38
1529058	Engesetdalen: Engesetbotnen.....	40
1529059	Engesetdalen: Engesetelva	41
1529060	Engesetdalen: Engesettjønna.....	42
1529061	Engesetdalen: Høgsætra sørvest.....	42
1529062	Engesetdalen: Høgsætra søraust.....	43
1529063	Engesetdalen: Lassehaugtjønna.....	44
1529064	Engesetfjellet: Gylet.....	44
1529065	Engesetfjellet: Sørsida.....	47
1529066	Fylling: Fyllingslia, vest for Nesjesetra.....	48
1529067	Engesetvatnet: Barvikneset	49
1529114	Engesetvatnet: Langhaugane	49
1529068	Engesetvatnet: Markadelta	51
1529069	Engesetvatnet: Vassberget	51
1529070	Fylling: Nedreli (slåttemark)	52
1529071	Fylling: Nedreli (skog)	54
1529073	Fylling: Solli.....	55
1529072	Fylling: Steinsetsetra	55
1529074	Fylling: Storetjønna og Litletjønna	55
1529075	Glomset: Haugtua, nordsida	56
1529076	Glomset: Haugtua, vestsida	57
1529077	Glomset: Haugtua, søraustsida	58
1529078	Glomset: Honningdalselva	59
1529118	Glomset: Honningdalsdalen	61
1529079	Glomset: Litletjønna.....	62
1529080	Gudmundset: Gudmundsetsetra	63
1529081	Gudmundset: Rotnakken	65
1529082	Håhjem: Igletjønna	66
1529083	Opskar: Opskar.....	67
1529084	Opskar: Stettevika	68
1529085	Reiakvam: Reitebakken.....	69
1529086	Saltkjelsvik: Nausa.....	71
1529087	Skinstadreset: Straumsdalen.....	72
1529088	Skodje: Gildrehaugen	75
1529089	Skodje: Indreberg	76
1529090	Skodje: Nihusen	77
1529091	Straumsdalen: Nørstjønna og Straumsdemma.....	77
1529093	Skodjevika: Vest for Murvika.....	78
1529094	Slettebakken: Trongdalen	79
1529095	Solnør: Dragsundet.....	81

1529096	Solnørdalen: Solnør gard.....	81
1529097	Solnørdalen: Solnørelva og Engjavatnet	82
1529116	Solnørdalen: Furlirørene	83
1529117	Solnørdalen: Sætrefjellet	84
1529098	Solnørdalen: Sætrelia	85
1529099	Stavset: Stavsetfjellet	87
1529100	Storfjorden: Bruna.....	88
1529101	Storfjorden: Heggebakklia	89
1529102	Storfjorden: Rognevika	92
1529103	Storfjorden: Smågjæra.....	93
1529104	Straumsdalen: Nord for naturreservatet.....	95
1529105	Straumsdalen: Sør for naturreservatet	97
1529106	Svartløkvatnet: Storlia.....	98
1529107	Svartløkvatnet: Vestenden	98
1529108	Svorta: Lomstjønna	99
1529109	Svorta: Svortavikbekken	99
1529112	Utvikfjellet: Regnvatnet og Tremannsvatna	101

6 RAUDLISTA 102

7 KJELDER 107

7.1	LITTERATUR	107
7.2	MUNNLEGE KJELDER	108
7.3	VERDSVEVRESSURSAR	108

8 DEKNINGSKART 109

9 KART OVER LOKALITETAR 110

Samandrag

Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskot. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97): ”Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida”. Denne blei vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi òg fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): ”Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning”. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet kan betrast innanfor dei ulike verksemndene.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald – DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det nytta ein del litteratur, Naturbasen (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>), databasar på Verdsveven, utskrifter frå museumssamlingar og samtalar med fagfolk og lokalkjente. For å skaffe fram ny kunnskap blei det òg gjort noko nytt feltarbeid. Informasjonen er samanstilt, og lokalitetane er verdiprioriterte etter metoden i DN-handbok 13. Dette omfattar m.a. vektlegging av indikatorartar (signalartar) og raudlisteartar osb. Informasjonen er presentert på kart, regneark (Excel) og i rapportform.

Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget i kommunen er kort gjennomgått, med omtale av landskap, geologi, klima og naturgeografiske tilhøve.

Naturtypar i Skodje

Dei ulike naturtypane i Skodje er kort presenterte. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i kommunen er særleg skog, men også for vatn, vassdrag og rikmyr og kulturlandskap er det ein del viktige område.

Som det går fram av tabell 1 er det knytt store verdiar til fleire ulike naturtypar i Skodje. Generelt kan det seiast at det ikkje uventa er størst verdiar knytte til skog.

Tabell 1. Naturtypelokalitetane med fordeling på hovudnaturtype, verdi og viktige område (markert med X) med tanke på oppfølging av regjeringa og Stortinget sitt mål om stopp av tap av biologisk mangfold innan 2020 (jf. kapittel 1.5.7). Kodane betyr: A05= rikmyr, A08= kystmyr, D01= Slåttemark, D02= Slåtte- og beitemyr; D04= Naturbeitemark, D13= Parklandskap, E06= Viktige bekkedrag, E10= Naturleg fisketomme dammar, F01= Rik edellauvskog, F05= Gråor-heggeskog, F06= Rik sumpskog, F07= Gammal lauvskog, F08= Gammal barskog og G05= Strandeng og strandsump. Lokalitetar utan verdisetting (0) gjeld område som anten ikkje er naturtypar etter metodikken det arbeidast etter, eller dei er øydelagde eller attgrodde, og slik stoda er no er liten grunn til å prioritere dei høgt. Dei er også tilgjengelege i Naturbase på Internett. Verdiane er elles slik: A= Svært viktig, B= viktig og C= lokalt viktig.

Lokalitet	Naturtype	Utforming	Verdi	2020	Lokal_ID
Brusdalen: Rødlandstua	F08	F0802	B		51
Brusdalen: Slettebakktjønna			0		52
Brusdalsvatnet: Sandvika	F01	F0106	A	X	53
Ellingsøyfjorden: Høyvika	F08	F0802	B		113
Ellingsøyfjorden: Mørkeset	F08	F0802	B		54
Ellingsøyfjorden: Utvikfjellet	F08	F0802	B		55
Engeset: Storsætra	D02/D04	D0411	A	X	56
Engeset: Øyedalen	F07	F0702	A	X	57
Engesetdalen: Engesetbotnen	A05/A08	A0501/A0804	B		58
Engesetdalen: Engesetelva	F05	F0501	B		59
Engesetdalen: Engesettjønna			0		60
Engesetdalen: Høgsætra sørvest	A05/A08	A0501/A0804	B		61
Engesetdalen: Høgsætra sørøst	A05/A08	A0501/A0804	C		62
Engesetdalen: Lassehaugtjønna			0		63
Engesetfjellet: Gylet	F01	F0103/F0106	A	X	64
Engesetfjellet: sørsida	F07	F0702	A	X	65
Engesetfjellet: ved Nesjesetra			0		66
Engesetvatnet: Barvikneset	F08	F0802	B		67
Engesetvatnet: Langhaugane	F08	F0802	B		114
Engesetvatnet: Markadelta	F07	F0701/F0702	B		68
Engesetvatnet: Vassberget	F08	F0802	B		69

Fylling: Nedreli	D04	D0404	A	X	70
Fylling: Nedreli		0			71
Fylling: Solli		0			73
Fylling: Steinsetsetra		0			72
Fylling: Storetjønna og Litletjønna		0			74
Glomset: Haugtua, austsida	F08	F0802	B		77
Glomset: Haugtua, nordsida	F08	F0802	B		75
Glomset: Haugtua, vestsida	F08	F0802	B		76
Glomset: Honningdalsdalen	F08	F0802	B		118
Glomset: Honningdalselva	F09	F0901	B	X	78
Glomset: Litletjønna	E10	E1002	C		79
Gudmundset: Gudmundsetsætra	F08	F0802	B		80
Gudmundset: Rotnakken	F08	F0802	B		81
Håhjem: Igletjønna	E10	E1002	A	X	82
Opskar	D01	D0104	B		83
Opskar: Stettevika	F06	F0602	B	X	84
Reiakovam: Reitebakken	F08	F0802	B		85
Saltkjelsvik: Nausa	F08	F0802	B		86
Skinstadreset: Straumsdalen	F08	F0802	B		87
Skodje: Gildrehaugen	F08	F0802	B		88
Skodje: Indreberg			0		89
Skodje: Nihusen	F08	F0802	B		90
Skodjevika: vest for Murvika	F08	F0802	B		93
Slettebakken: Trongdalen	F08	F0802	A	X	94
Solnør: Dragsundet	G05	G0506	C		95
Solnør: Solnør gard	D13	D1302	B	X	96
Solnørdalen: Engjavatnet og Solnørelva	E06	E0601/E0604	A		97
Solnørdalen: Furlirørene	F08	F0802	C		116
Solnørdalen: Sætrefjellet	F08	F0802	B		117

Solnørdalen: Sætrelia	F08	F0802	B		98
Stavset: Stavsetfjellet	F08	F0802	B		99
Storfjorden: Bruna	F01	F0103	A	X	100
Storfjorden: Heggebakklia	F08	F0802	A	X	101
Storfjorden: Rognevika	F01	F0103	B		102
Storfjorden: Smågjæra	F08	F0802	A	X	103
Straumsdalen: Nord for naturreservatet	F08	F0802	A	X	104
Straumsdalen: Nørstjønna og Staumsdemma	E10	E1002	C		91
Straumsdalen: Sør for naturreservatet	F08	F0802	B		105
Svartløkvatnet: Storlia	F07	F0702	B		106
Svartløkvatnet: Vestenden	A05	A0501	B	X	107
Svorta: Lomstjørna			0		108
Svorta: Svortavikbekken			0		109
Utvikfjellet: Regnvatnet og Tremannsvatna	E10	E1002	C		112

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Dette kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, skogsdrift, jordbruksverksemd eller forureining m.m. Artane som etter fagleg vurdering kjem med på ei slik liste vert kalla raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport frå 2010 (Kålås mfl. 2010).

Det er registrert ei rekke førekommstar av raudlista karplanter, sopp og lav osb. i Skodje, og vekstar som er moglege å finne på nasjonale databasar på verdsveien er omtalte i kapittel 5.

Kunnskapsstatus

Tabell 5 inneholder ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Skodje er jamt over middels god.

Kunnskapsstatus – litteratur

Det er publisert nokså mykje litteratur frå Skodje opp gjennom åra i ulike samanhengar. Viktige litteraturkjelder frå nyare tid er samla i tabell 2.

Det meste av dette materialet har vore gjennomgått i samband med naturypekartlegginga. I tillegg kjem ulike innspel gjennom ikkje publiserte notat og e-postar frå lokalkjente m.m.

2 Innleiing

2.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Kartleggingsarbeidet er finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennom statlege tilskot.

Bakgrunnen frå sentralt hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av biologisk mangfold i alle norske kommunar. Forhistoria til dette er Brundtlandkommisjonen sin rapport frå 1997: "Konvensjonen om biologisk mangfold", som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992. Konvensjonen vart ratifisert av Noreg i 1993 og vart gjeldande frå 1994. Direktoratet for naturforvalting (DN) ga i 1999 ut ei handbok (DN-handbok 13) som gir retningslinene for korleis arbeidet skal gjennomførast. Oppdaterte utgåver av handboka kom på verdsveien i 2006 og 2007 (DN 2006).

Sidan har vi fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): "Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning". Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

I naturmangfaldlova er dessutan følgjande prinsipp sentrale i all natur- og artsforvalting:

§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligg tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligg en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffen forvaltningstiltak.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er ellers vil bli utsatt for.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

2.2 Kva er biologisk mangfold?

Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: Gen-, arts- og økosystemnivå. Enkelt sagt er biologisk mangfold jorda si variasjon av livsformer (artsnivå – planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusiv arvestoff (genetisk variasjon) og det kompliserte samspelet mellom dei ulike organismane (økosystemet).

I Rio-konvensjonen er biologisk mangfold definert slik: ”Biologisk mangfold er variabiliteten hos levende organismar uansett opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av; dette omfatter mangfold innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.” (MD 1992).

Meir presist er biologisk mangfold definert slik i naturmangfaldlova:

§ 3. (definisjoner)

I denne lov forstås med

- a) art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;
- b) bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;
- c) biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, arter og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;
- d) dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;
- e) fremmed organisme: en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;
- f) genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan

overføres til andre organismer med eller uten hjelp av teknologi, likevel ikke genetisk materiale fra mennesker;

- i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;
- j) naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;
- k) organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;
- l) planter: karplanter, moser og alger;
- m) sopp: sopp og lav;
- q) virvelløse dyr: dyr uten ryggsøyle;
- r) økologisk funksjonsområde: område – med avgrensing som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkruter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parringsområde, trekkvei, yngleområde, overvintringsområde og leveområde;
- s) økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;
- t) økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet.

2.3 Verdien av biologisk mangfold

Miljøverndepartementet (2001) knyter desse verdiane til biologisk mangfold:

- **Direkte bruksverdi:** Verdiar som vert realiserte gjennom bruk av biologiske ressursar til m.a. mat, medisin, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forsking.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sine krinslaup, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjennningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for mennesket sin eksistens og økonomiske aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdiar som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdiar omfattar både direkte og indirekte verdiar nemnt ovanfor, og er m.a. knytte til bruk av ikkje utnytta genetiske ressursar,

både når det gjeld tradisjonell foredling og geneteknologi for utvikling av nye produkt med direkte bruksverdi.

- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, m.a. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterer, komande generasjonar sine Moglegheiter og livskvalitet, og ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane hører òg naturen sin eigenverdi (DN 2006). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og skal derfor ikkje naudsyntvis sjåast på som eit middel, men som et mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal ha same Moglegheiter for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er i samsvar med målet om ei ”berekräftig utvikling” definert av Brundtlandkommisjonen.

2.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

2.4.1 Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er mellom dei største trugsmåla mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsføremål. Store utbyggingar kan åleine ha store negative konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkest vektlagde i avgjerdsprosessane. Det er eit visst utbyggingspress i Skodje, særleg konsentrert til dyrkbart areal og strandnære område. Ein må rekne med at det i framtida òg kan verte press på fleire av dei biologisk verdifulle naturtypelokalitetane som er kartlagt gjennom dette prosjektet (sjå kapittel 4.2), sidan fleire av dei ligg nært vegar og er nokså lett tilgjengelege.

2.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men òg fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra, og mange kulturskapte naturtypar, slik som slåttemark, naturbeitemark og haustingsskog er i ferd med å forsvinne (jf. Lindegaard & Henriksen 2011). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og utviklar seg gradvis til skog. Dette medfører m.a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går tilbake, og saman med desse også dei insekta som er knytte til desse plantane. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt tilbake eller forsvinn heilt (t.d. Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til andre verdskriga. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 1980-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekke plante-, sopp- og insektartar gå tilbake eller forsvinne. Over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytte til kulturlandskapet (Kålås mfl. 2010).

Status for Skodje i 2011 er at det er framleis er svært lite att av tradisjonelt drive kulturlandskap, og ein del av dei tidlegare kartlagde lokalitetane (Jordal & Holtan 2005) er no såpass attgrodde at dei ikkje vart prioriterte under det nye feltarbeidet.

I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved betydeleg. Urskog er i dag praktisk talt forsvunnen, og biologisk gammal skog med mykje daud ved utgjer berre små areal. Område med biologisk verdifull skog, m.a. rik edellauvskog og gråor-heggeskog, har dei

siste 50-100 åra stadvise vortne erstatta med gran, og også sumpskog og myr har mange stader vortne drenerte og deretter tilplanta.

I Skodje er det i grunnen lite skog, sjølv om det no somme stader er i ferd med å etablere seg både furu- og lauvskog.

2.4.3 Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i dei lokale økosistema er eit aukande problem, både for vern av biologisk mangfald og i forhold til verdiskaping. Mange innførte artar er därleg tilpassa dei lokale økosistema, og vil forsvinne etter kort tid, men dei som klarar å etablere seg har ofte ikkje naturlege fiendar som kan vere med å regulere populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føre til at stadeigne artar vert utkonkurrerte og at heile økosystem vert endra. Gjennom ratifisering av Riokonvensjonen har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde framande artar som er eit trugsmål mot økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h). I 2007 kom også norsk svarteliste (Gederaas mfl. 2007), som peikar på mange av problemartane.

Det er ikkje gjort noko systematisk arbeid med tanke på registrering av framande artar i Skodje. Døme på innførte treslag i kommunen er t.d. berg- og buskfuru, sitkagran, lerk og mange andre. Platanlønn, som er rekna som ein verkeleg problemart (jf. Gederaas mfl. 2007), spreier seg no over delar av kommunen (og heile den norske vestkysten). Denne utviklinga vil i åra som kjem eskalere sterkt. Platanlonna dreg elles ein stor fordel av forstyrningar som hogst og driftsvegar i skogbruket, medan etableringa i slutta naturskog går saktare. Av buskvekstar er det frå hagebruket t.d. noko spreiing av diverse mispelartar og raudhyll, mest i skogkantar og på forstyrre mark. Langs vegkantar er det flekkvis førekommstar av t.d. gyvelartar, japanpestrot og parkslirekne mfl., medan hagelupin er etablert fleire stader. Ålment kjende artar som mink og iberiaskogsnegl bør ein òg vere merksam på. Samla sett står kommunen framfor ein del utfordringar i åra som kjem med tanke på å utrydde dei verste problemartane, eller halde dei i sjakk. Ei kartlegging av omfanget av problema og ein handlingsplan er derfor sterkt ønskjeleg innanfor ein treårsperiode. Deretter må tiltak gjennomførast utan opphald.

2.4.4 Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det skjer innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Om aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar (t.d. furu), kan ringverknadene bli store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere eit trugsmål mot arten sin eksistens. I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg å finne i havet. Ein kan òg tenke seg at somme artar med små nasjonale bestandar kan vere utsette for samlarar, utan at det er kjend konkrete døme på dette i Skodje.

2.4.5 Forureining

Forureining kan opptre både i form av lokale utslepp, som langtransportert forureining, som sur nedbør og radioaktivitet, i form av utslepp som kan påverke globalt eller òg som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Det vert òg reist spørsmål om nedfall av nitrogen kan ha ein negativ effekt i til vanleg næringsfattige økosystem som kystlynghei eller furuskog.

Eventuelle klimaendringar vil òg kunne påverke naturen i Skodje. Landsomfattande prognosar syner at det kan bli meir nedbør i Møre og Romsdal. Temperaturen kan stige over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg vest- og nordpå. Verknadene vil vere størst for fjellartar (vert utkonkurrert av skog) og varmekjære artar som har nordgrensa si i Noreg. Mellom dei sistnemnde høyrer m.a. mange varmekjære planter, soppar og insekt. Desse vil kunne få ei større utbreiing enn i dag. Skodje har òg enkelte sørlege artar som er på eller nær si kjende nordgrense, både planter, sopp- og lavartar (jf. kapittel 5). Desse artane vil kunne spreie seg vidare nordover.

2.5 Forvalting av biologisk mangfold i kommunane

2.5.1 Verneområde i Skodje

Fem område i Skodje er naturreservat (<http://lovdata.no/for/lf/kommu-SKODJE.html>):

- 1) Liafjellet naturreservat, verna 17. desember 1999.
- 2) Skinstadreset naturreservat, verna 13. oktober 2000.
- 3) Solnørsvika naturreservat, verna 8. november 2002.
- 4) Straumsdalen naturreservat, verna 13. oktober 2000.
- 5) Ørnakken naturreservat, verna 14. juni 2002.

I tillegg kjem fiskefredingssona i Dragsundet, med forskrift datert 4. juni 2009, og Solnørvassdraget, som vart varig verna i 1993 (<http://www.nve.no/no/Vann-og-vassdrag/verneplan/Verneplanarkiv/More-og-Romsdal-arkiv/1011-Solnorelva/>).

Tidlegare har staten hatt ein vesentleg del av forvaltingsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret kan bli overført til kommunane, dersom kommunane sjølv ønskjer det. Skodje har ikkje eit slikt forvaltingsansvar.

2.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen

Forvaltingsansvaret for areal i Skodje ligg i hovudsak i kommunen, men også private grunneigarar, særleg innan landbruket og næringslivet elles har eit viktig ansvar. Kommunen har ei sentral, overordna rolle fordi den er ansvarleg for ein samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan kommunen oreigne, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Arealet skal i første rekke forvaltast av kommunen gjennom bruk av plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen òg eit ansvar for kartlegging og forvalting av biologisk mangfold. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversyn over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. God kunnskap om slike område er viktig når avgjerder om utnytting av naturområde skal takast. Etter St. meld. nr. 42 skal kommunane utøve kunnskapsbasert naturforvalting, jf. også naturmangfaldlova. Kunnskap om viktige naturområde i Skodje er samla i denne rapporten. Det må forventast at denne kunnskapen vert nytta aktivt i

forvaltinga, og at kunnskapen vert formidla til dei som er eigarar av særlig verdifulle kulturlandskap, skog (ofte utan å vite om det) og til skulane.

2.5.3 Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengst for å ta vare på område gjennom plan- og bygningslova, men i dag er §§ 8-12 i naturmangfaldlova likevel meir aktuelle.

2.5.4 Passiv sikring

Kommunen kan sørge for at ein styrer unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når det skal byggast ut eller gjerast større naturinngrep. Ofte finst det alternative plasseringar for tiltak, og i slike tilfelle bør ein velje det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal elles vektleggast i planlegginga i kommunane (jf. naturmangfaldlova).

2.5.5 Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordelen at konfliktgraden ofte er låg, og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtaler likevel ofte noko usikre, t.d. i samband med grunneigaraskifte eller ved endra økonomiske vilkår. I skogvernet er frivillig vern norma i dag (sidan 2003).

2.5.6 Verkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg må ein unngå større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. Det vert gitt økonomisk stønad til tiltak som går ut over det som reknast som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane (SMIL-midlar, tidlegare STILK-midlar). Det er *svært viktig* at kommunane aktivt brukar dette høvet til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre bygningar og kulturminne. I Skodje må grunneigarane i biologisk verdifullt kulturlandskap følgjast spesielt opp for å sikre at dei biologiske verdiane ikkje går tapt. Her er det kanskje òg naudsynt med direkte økonomisk stønad for å gjennomføre ein biofagleg riktig skjøtsel.

2.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020

Grunnlova si § 110b krev at naturkvalitetane vert tekne vare på for ettertida og etterslekta. Det same gjer føremålsparagrafen i naturmangfaldlova. St.meld. 42 (2000-01) om biologisk mangfald presenterte følgjande nasjonale resultatmål:

- 1) Eit representativt utval av norsk natur *skal vernast* for komande generasjonar.
- 2) I truga naturtypar *skal ein unngå inngrep* og i omsynskrevjande naturtypar *skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast*.
- 3) Kulturlandskapet *skal forvaltast* slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar samt biologisk mangfald vert oppretthalde.
- 4) Hausting og annan bruk av levande ressursar *skal ikkje* føre til at artar eller bestandar vert utrydda eller truga.
- 5) Menneskeskapt spreiling av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosistema, *skal ikkje* skade eller avgrense økosistema sin funksjon.
- 6) Truga artar *skal oppretthaldast* på eller byggast opp att til livskraftige nivå.

7) Jordressursar som har potensial for matkornproduksjon *skal disponerast* slik at ein tek omsyn til framtidige generasjonar sine behov.

Seinare har både regjeringa og Stortinget sett seg som mål at tap av biologisk mangfald i Noreg *skal stoppast* innan 2010 (seinare justert til 2020). Dette er ei vesentlig utviding av målet ved det internasjonale Rio+10-møtet i Johannesburg i 2002, der den offisielle anbefalinga var at landa *burde redusere vesentleg* tapet i same tidshorisont.

For å oppfylle dette målet *må* i det minste følgjande saksområde utgreiaast i Skodje i 2011, for deretter å følgjast opp gjennom tiltaksplan og konkret handling:

- Raudlisteartar. I den offisielle norske raudlista over truga artar (Kålås mfl. 2010) går det fram at flest truga artar er knytte til skog og kulturlandskap. For Skodje er desse artene nærmare omtalte i kapittel 5.
- Truga vegetasjonstypar. I rapporten om truga vegetasjonstypar i Noreg (Lindegård m.fl. 2011) finn vi følgjande truga typar representerte i Skodje: strandeng (NT), kroksjørar, meandrarar og flaumlaup (EN), kystnedbørsmyr (VU), slåttemyrkant (CR), slåtteeng (EN) og lågurtlyngfuruskog (NT).
- Viktige lokalitetar/område for biologisk mangfald. For å oppfylle målet om stopp av tap av naturmangfald innan 2020 må strategiplanen for Skodje som eit minimum ta særlege omsyn til lokalitetane som er nemnde under (jf. tabell 1 og lokalitetsomtalane i kapittel 4). Her er det tatt høgd for forekomst av raudlisteartar, truga vegetasjonstypar og inngrepsfrie område (i høve til små nyare negative inngrep), og viktige viltfunksjonar er også inkludert når det gjeld forekomst av raudlista artar. Lokalitetane i tabell 1 med verdi A peikar seg ut som dei viktigaste her.
- Tiltaksplan. Sikring av desse områda mot inngrep og ein aktiv, riktig skjøtsel av kulturlandskap er det *absolutt minste* ein bør forvente av ein tiltaksplan. Ein slik tiltaksplan må sjølv sagt også følgjast aktivt opp. Dette vil på kort sikt vere ein god start på arbeidet med å sikre seg mot tap av biologisk mangfald i Skodje.
- Framande artar. Som nemnt i kapittel 1.4.3 må ein også kartlegge utbreiing og omfang av framande artar, samtidig som også dette området må følgjast opp med ein tiltaksplan og aktiv handling.

2.6 Føremålet med rapporten

Hovudføremålet med dette prosjektet er å gi kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfaglig grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i Skodje kommune, slik at ein i større grad kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde i landskapet elles (jf. kapittelet om metodikk).

2.7 Forklaring av nokre omgrep

Beitemarksopp: Grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i natureng og naturbeitemark.

Biologisk mangfald (sjå kapittel 1.2) omfattar mangfald av:

- naturtypar (økosystemnivå)

- arter (artsnivå)
- arvemateriale innan artane (genetisk nivå)

Bisentrisk: Omgrep brukt om fjellplanter som hos oss er utbreidde i eitt område i sør og eitt i nord, men som manglar på midten (oftast i Trøndelag - Jämtland).

Indikatorart (signalart): Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er berre finst på stader med spesielle kombinasjonar av miljøtilhøve. Slike artar kan dermed gi god informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikator-/signalart er vanleg å treffen på når desse miljøkrava er stetta. For å identifisere ein verdifull naturtype bør helst fleire indikatorartar vere til stades.

Kontinuitet: I økologien nyttar om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøtilhøve over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). I kulturlandskapet kan det t.d. dreie seg om gjenteken, årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. vere kontinuerlig tilgang på daud ved av ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Lungeneversamfunnet: Nyttar om ein del store lavartar som er avhengige av stabile fukttilhøve og eit stabilt mikroklima over tid for å få optimale veksttilhøve. Best kjente er lungenever, kystnever, skrubbenever og sølvnever, men samfunnet inneheld langt fleire artar.

Naturbeitemark: Gammal beitemark med låg grad jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Sjå også tradisjonelt kulturlandskap under.

Natureng: I snever forstand gamle slåttemarker med låg grad av jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet nyttet i vidare forstand om gras- og urterik vegetasjon både i både gammal slåttemark og gammal naturbeitemark.

Naturengplanter: Planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunktet sitt i natureng og naturbeitemark, og er dermed ein parallel til beitemarksoppiane (jf. Jordal & Gaarder 1999).

Nøkkelbiotop: Ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

Oseanisk: Som har å gjere med kysten og havet. Vert nyttet om eit klima med milde vintrar og kjølige somrar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette av oseansk er kontinental.

Raudlista: Liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (Kålås mfl. 2010).

Svartelista: Eit oversyn over innførde artar, med ei vurdering av kor skadelege desse kan vere for stadeigen natur (Gederaas mfl. 2007). Den norske svartelista har nokre manglar, m.a. er fleire bartreslag, inkl. sitkagran, ikkje vurdert (kjem truleg med i neste versjon).

Tradisjonelt kulturlandskap: Dominerande typar av jordbrukslandskap slik dei var for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauvning og lyngheiskjøtsel, kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som natureng, naturbeitemark, hagemark, haustingsskog, slåttelundar og lynghei.

3 Metode

3.1 Innsamling av informasjon

Informasjonen i denne rapporten kjem dels fra innsamling av eksisterande kunnskap, dels fra eige feltarbeid. Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, område som t.d. er spesielt artsrike eller er levestad for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i DN-handbok nr. 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006, oppjustert 2007).

Døme:

- Ein registererer ikkje alle strender, men t.d. større, artsrike strandområde.
- Ein registererer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarker med artar som indikerer kontinuitet i gammal driftsform.
- Ein registererer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet.
- Ein registererer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm, ask, eik, lind, hassel eller svartor og mange varmekjære artar.
- Ein registererer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike, nord vendte berg med sjeldan, kystbunden moseflora eller rike, sør vendte rasmarker osb.

Kartlegging av fisk og fiskebestandar inngår ikkje i dette metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN-handbok 15 på Verdsveven), viltkartlegging etter DN-handbok 11 (DN 1996) er derfor ikkje nytta her.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, deretter samle inn ny kunnskap (feltarbeid), og til slutt systematisere materialet, prioritere lokalitetane og presentere dette på kart og i rapport eller liknande.

3.1.1 Viktige litteraturkjelder

Tabell 2. Dei viktigaste nyare skriffilege kjeldene som er nytta for å kartlegge eksisterande naturinformasjon frå Skodje, med kort kommentar til innhaldet.

Kjelde	Kommentar
Dolmen, D. 1995. Ferskvannslokaliteter og verneverdi. Universitetet i Trondheim, Vitenskapsmuseet. Rapport Zoologisk serie 1995:6. 105 s.	Fleire lokalitetar frå Skodje er med her
Dolmen, D., Økland, K. A., Økland, J., Syvertsen, K. & Rabben, J. 1994: Blodiglas utbredelse og levevis i Norge. Fauna 47:214-229.	Fleire lokalitetar frå Skodje er med her
Haugen, I. 1992. Barskog i Vest-Norge. Utkast til verneplan. DN-rapport 1992-9. 115.	Fleire lokalitetar frå Skodje er med her
Gaarder, G. 1996. Biologisk mangfold i Glomsetmarka, Skodje kommune. Miljøfaglig Utredning, rapport 1996:12. 17 s.	Mykje informasjon frå det som i dag er naturreservat
Holtan, D. 1999. Biologisk mangfold i Skodje. Rapport nr. 4. 67 s.	Grunnlagsdata for Jordal & Holtan 2005 (sjå under)
Holtan, D. 2001. 10 verneverdige naturområder på Sunnmøre. Semesteroppgave ved Høgskolen i Nord-Trøndelag. Årsstudiet i natur- og kulturminneoppsyn 2001. 30 s.	Informasjon frå Sandvika ved Brusdalsvatnet.
Holtan, D. 2001. Barlinda <i>Taxus baccata</i> L. i Møre og Romsdal – på veg ut? Blyttia 59:197-205.	Mykje informasjon frå Skodje
Holten, J. I. et al. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986:3B: 184 s.	Data m.a. frå Solnørsvika
Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.	Fleire lokalitetar frå Skodje er med her
Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.	Fleire lokalitetar frå Skodje er med her
Jordal, J. B. & Holtan, D. 2005. Kartlegging av naturtypar i Skodje kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 3-2005. 87 s. + kart. ISBN 82-92647-03-1.	Bakgrunnsmateriale frå heile kommunen.
Jordal, J. B., Holtan, D., Gaarder, G. & Grimstad, K. J. 2006. Status for solblom <i>Arnica montana</i> i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Blyttia 64: 213-230.	Fleire lokalitetar frå Skodje er med her
Korsmo, H. 1976. Forslag til reservater med barlind (<i>Taxus baccata</i>). Delrapport i forbindelse med Naturvernrådets landsplan for edelløvskogreservater i Norge, vol. 7. Botanisk institutt, NLH.	Fleire lokalitetar frå Skodje er med her
Lindmo, S. et al. 1991. Verneverdige forekomster av barlind og kristtorn i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Universitetet i Bergen. Botanisk institutt, rapport 50: 125 s.	Fleire lokalitetar frå Skodje er med her

Melby, M. W. & Gaarder, G. 2001. Verdier i Solnørelva, i Skodje, Ørskog og Vestnes kommuner, Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-5. Utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 44 s. + vedlegg.	Mykje informasjon frå miljøa kring Solnørvassdraget
Moe, B. 1996. Supplerende registreringer til barskogplanen i fire områder på Nordvestlandet i 1996. Bergen. Upaginert.	Informasjon frå fleire av barskogreservata

3.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven

Lav-, (NLD) sopp- (NMD) og mosedatabasane (NBD) ved Naturhistorisk Museum i Oslo er kontrollerte på Verdsveven i februar 2012, sjå kapittel 5.2. Også Artsdatabanken (www.artsdata.artsdatabanken.no) har no opplysningar om artsfunn. Sjølv om det er mykje overlapp mellom Artsdatabanken og universitetsdatabasane er det somme tilleggsopplysningar å finne her. Aktuelle verdsvevadresser er lista opp i kapittel 6.3.

3.1.3 Innsamling frå einskildpersonar

Ein del enkeltpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Skodje. Noko av denne informasjonen er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle inn all denne informasjonen, og det hadde vore ønskeleg å kunne nytta noko meir tid til dette. Særleg opplysningane frå Perry Larsen har vore nyttige.

3.1.4 Feltarbeid

Eigne feltregistreringar vart gjort i fleire bolkar i vekstsesongen i perioden 2011. Perry Larsen (Skodje) tok del i mykje av feltarbeidet.

3.1.5 Bestemming og dokumentasjon

Bestemming av planter er gjort ved hjelp av Lids Flora (Lid & Lid 2005), og norske namn følgjer denne utgåva. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog mfl. (1994) og Holien & Tønsberg (2006). Særleg interessante funn (mest planter og sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo (NHM), der dei skal vere fritt tilgjengelege for alle interesserte. Vitskapelege namn følgjer dei publikasjonane som er nytta i arbeidet. Offisielle norske namn leggast elles fortløpande ut på verdsvevsida til Artsdatabanken <http://www2.artsdatabanken.no/artsnavn/>

3.2 Verdisetting og prioritering

3.2.1 Generelt

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisette enkelte naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne er viktigare å ta omsyn til enn dei som er vanlege (fordi dei er meir sårbare).
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang er viktigare å omsyn til på enn dei som har stabile førekommstar eller er i framgang.

3.2.2 Kriterium og kategoriar

Verdisettingskriteria følgjer DN-handbok 13 (DN 2006). Verdisettinga skjer etter ein tredelt skala:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria i DN-handbok 13 for verdisetting av naturtypar og raudlisteartar innarbeidd. Desse gir heilt klart rom for noko skjøn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å bli plassert i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av artar som er raudlista som sårbare (VU) eller truga (EN, CR) eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å bli plassert i kategori B vert det ikkje stilt like strenge krav, men enkelte definerte vilkår må likevel vere oppfylte.

3.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det som regel nemnt mange artar som er funne på lokaliteten. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisette den. Enkelte artar vert tillagt særleg vekt ved verdisettinga. Desse er:

- Raudlisteartar
- Signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtalte i eit eige kapittel i rapporten (kapittel 5). Signalartar vert kort omtalte her. Nedafor er berre enkelte artar som er nytta som signalartar i nokre naturtypar og vektlagde i verdisettinga nemnde.

- Kulturlandskap: Naturengplanter og beitemarksoppar etter liste m.a. i Jordal & Gaarder (1999).
- Skog: breiflangre, fuglereir, furuvintergrøn, junkerbregne, kransmynte, lundgrønakts, myske, sanikkel, skogsvingel, skogsvinerot, svarteknapp, taggbregne, tannrot, trollbær, vårvartecknapp og vårmarihand o.a.
- Myr: bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engmarihand, engstorr, gulsildre, gulstorr, jáblom, loppestorr og svarttopp o.a.

I tillegg kjem ein del lavartar knytte til det såkalla lungeneversamfunnet og enkelte mikrolavar, der regnskogsartar vert tillagt særleg vekt.

3.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om nasjonalt truga vegetasjonstypar (Lindegård & Henriksen 2011) er brukt som støtte ved verdivurderinga.

3.2.5 Område med lite data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er dels samla i tabell 1. Ein kan her berre vise til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte kan vere:

- Lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller datagrunnlaget er for dårleg.
- Lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til at naturtypen vurderast som prioritert.
- DN-handbok 13 om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påviste.
- Økonomiske omsyn, avgrensa av økonomien i prosjektet.
- Føringar frå DN om kva som skal prioriterast.

3.3 Presentasjon

3.3.1 Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eigne kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtalte på eigne faktaark i kapittel 4.2. Raudlisteartar er omtalte i kapittel 5.

3.3.2 Omtale av lokalitetane

Dei enkelte lokalitetane er omtalte på eigne faktaark. Ein har her følgt DN-handbok 13, av og til med mindre justeringar. Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men også slike som kan bli aktuelle i framtida. T.d. er det for skog konsekvent ført opp hogst eller fysiske inngrep som ein negativ faktor. For dei fleste lokalitetane kan fysiske inngrep på eit eller anna tidspunkt verte eit trugsmål.

3.3.3 Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på flyfoto (jf. <http://www.gislink.no>). Ut frå dette er lokalitetane digitaliserte. Avgrensingane burde bli temmelig nøyaktige i desse formata. Ein må likevel oppfatte dei fleste avgrensingane som omrentlege og orienterande, særleg dei større lokalitetane i skog. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep må det alltid gjennomførast synfaring for om Mogleg å få ei meir detaljert avgrensing.

4 Naturgrunnlaget

4.1 Naturgeografi og klima

Skodje kommune har eit landareal inkl. ferskvatn på 120 km². Av dette er 2 km² fordelt på 75 øyer i fjordane. 22 km² ligg høgare enn 300 m o.h., medan 36 km² ligg under 60 m o.h., i gjennomsnitt 180 m o.h. Arealet av ferskvatn er 9 km², fordelt på 68 vatn. For skog er det gitt opp totalt 88 km², og mykje av dette er ulike utformingar av gammal kystfuruskog. Kring 3 km² er registrert som myr. Rikmyr, som er viktige for ei rad sjeldne artar, er sjeldan, men funne i dei fjellnære områda kring Engesetdalen (kjelde for arealopplysningar: Statistisk Sentralbyrå).

Topografien i Skodje vekslar mykje. Typisk er eit kupert fjordlandskap med øyer, åsdrag og fjell.

Klimaet i Skodje er eit typisk kystklima, med milde vintrar og etter måten kjølige somrar. Dei store topografiske skilnadene innan kommunen påverkar lokalklimaet mykje. Naturgeografisk ligg Skodje kommune i sterkt til klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O3 – O2), dels humid underseksjon (O3h), og i boreonemoral (BN) til nordboreal (NB) vegetasjonssone, med dei boreale områda i fjellet (Moen 1998). I praksis betyr dette eit fuktig, relativt mildt klima og lang vekstsesong, typisk for denne delen av Vestlandet.

Tabell 3. Temperaturnormalar for Skodje i perioden 1961-90. Kjelde:

http://retro.met.no/observasjoner/more_og_romsdal/normaler_for_kommune_1529.html?kommuner

jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
0,6	0,8	2,3	4,5	9,2	11,9	13,1	13,3	10,2	7,6	3,3	1,4	6,5

Tabell 4. Nedbørnormalar for Skodje i perioden 1961-90. Kjelde:


http://retro.met.no/observasjoner/more_og_romsdal/normaler_for_kommune_1529.html?kommuner

jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
151	133	135	106	73	78	102	122	212	207	190	211	1720


4.2 Berggrunn og lausmassar

Mestedelen av berggrunnen er skiven av gråsteinsberg (sur og næringsfattig granittisk gneis). Dette har mykje å seie for plantelivet. Rikare bergartar med artsrik flora er såleis sjeldsynt, men innslag av glimmerskiferar og glimmergneis gir voksterforhold for ein meir kravfull flora somme stader. Også på oppblåst skjelsand vil det ofte vere meir kalkrevande artar.

Når det gjeld lausmasser er det mange stader morenemateriale, medan det særleg i fjord- og dalsider er mykje skredmateriale. I tillegg er her ein del næringsrike, marine strandavsettingar.



Figur 1. Berggrunnskart over Skodje (<http://www.ngu.no/no/hm/Kart-og-data/Berggrunn/>). Med unntak for grønfargen sørvest for Glomset, som er glimmerskifer og glimmergneis, genererer dei andre bergartane ikkje spesielt næringsrike lausmassar eller oppløyste mineralar. Ein ser likevel ofte at det på solsider nok er meir tilgang på næring enn på skuggesider, noko som skuldast m.a. raskare omsetting av strønedfall osb.



Figur 2. Utsnitt av lausmassekart over Skodje (<http://www.ngu.no/kart/losmasse/>). Mest interessant, og næringsrik, er dei marine strandavsettingane markert med mørkt gråblå farge. Desse er likevel i hovudsak bygd ned, eller sterkt negativt kulturmåverka, med eit utarma naturmangfald.

4.3 Kulturpåverknad

Det finst knapt ein einaste kvadratmeter i dei tilgjengelege delar av Skodje som ikkje på ein eller annan måte er eller har vore kulturpåverka. Mykje av den tilgjengelege strandlina og nedlagt dyrkamark eller dyrkbar mark i flatare område er bygd ned, ikkje minst i samband med den sterke folkeauken dei seinare åra. Samstundes er det planta platanlønn og ulike typar gran ein del stader, og desse er i ferd med å invadere skog og kulturlandskap. Skodje er i dag ein typisk småindustrikommune, med ein del mekanisk industri og anna, og industrien har bandlagt store areal i utmark.

Om utviklinga held fram på same måte, med vidare nedbygging særleg i låglandet, vil det truleg oftare kunne dukke opp konfliktar i høve til å få byggje i ein del av dei verdifulle naturtypelokalitetane i kommunen. Dette må ein unngå, både av omsyn til det biologiske mangfaldet, til friluftslivet, og ikkje minst i tilhøvet til mål og føringar frå sentrale myndigheter, som seier at tap av naturmangfold skal stansast innan 2020. Skodje kommune bør snarast utarbeide ein strategiplan i tilhøve til 2020-målet, helst allereie i 2012 (jf. tabell 1 og kapittel 1.5.7). Nytt frå 2010 er også naturmangfaldlova, kor det utarbeidast forskrifter for utvalte naturtypar.

5 Naturtypar

5.1 Hovudnaturtypar

Skodje kommune har førekomst av alle dei sju hovudnaturtypane frå DN-handbok 13: Myr (A), Rasmark, berg og kantkratt (B), Fjell (C), Kulturlandskap (D), Ferskvatn/våtmark (E), Skog (F) og Havstrand/kyst (G).

Tabell 5. Grovt oversyn over hovudnaturtypane i Skodje kommune, med framheving av viktige område og naturtypar. Det er gjort ei enkel vurdering av kartleggingsstatus. I tillegg vert det foreslått vidare kartlegging og eventuelle tiltak der dette vurderast som naudsynt.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
Myr Dei viktigaste områda, dvs. dei med intermediær myr og slåttemyrkant er godt fanga opp. Desse ligg frå Storsætra til Engesetbotnen, og dels ved Svartløkvatnet.	Ta vare på miljø med rikmyr. Utarbeide skjøtselsplan for lokaliteten ved Storsætra.
Rasmark, berg og kantkratt Ikkje avgrensa som eigne lokalitetar, finst som innslag i mange av dei brattare lokalitetane, truleg god kartleggingsstatus.	Ingen spesiell.
Fjell Kalkrike fjellområde manglar i kommunen.	Ingen.
Kulturlandskap Både for naturbeitemark og slåttemark er det no god kartleggingsstatus.	Følgje opp og ta vare på viktige og svært viktige lokalitetar. Nedreli ved Fylling treng skjøtselsplan og rask oppfølging.
Skog Alle aktuelle område, m.a. med gammal barskog og ulike typar kystfuruskog, vart kartlagde i 2011. Truleg står det att å kartlegge hasselkratt i kantsoner mot attgroande dyrkamark ei del stader. Middels god til god kartleggingsstatus.	Ta vara på alle viktige og svært viktige område.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<p>Ferskvatn/våtmark</p> <p>Generelt god kartleggingsstatus etter dei tidlegare undersøkingane.</p>	Ta vare på dei områda som er avgrensa som prioriterte naturtypelokalitetar.
<p>Kyst og havstrand</p> <p>God kartleggingsstatus etter dei tidlegare undersøkingane, men noko står nok att i delar av Skodjevika.</p>	Ta vare på intakte område.

5.2

Lokalitetar med nytt felter arbeid i 2011

Nedanfor er alle område med nytt felter arbeid eller felter observasjonar i 2011 omtalte, med opplysningar om naturtype, naturverdi og om det er gjort registrering av artar på lokaliteten. Når det gjeld kva artar som vert nemnde, har ein forsøkt å avgrense desse til signalartar, raudlisteartar eller interessante artar generelt, samt artar som er karakteristiske for den aktuelle naturtypen. Nr. for lokalitetar i Naturbase er nemnd, og avgrensingane for desse kan vere annleis no enn tidlegare.

Forkortinger: DH = Dag Holtan, PL= Perry Larsen

1529051 Brusdalen: Rødlandstua

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	21.05.2011, DH
Stadkvalitet:	Mindre god

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan 01.03.2012 basert på eige felter arbeid 21.05.2011. Området er ikkje kartlagd tidlegare.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Brusdalsvatnet, ved Reiakvam nord for europavegen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i sterkt oceanisk vegetasjonssone, humid underseksjon (O3h) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog, sjeldan også F12 kystfuruskog med ei viktig utforming som fuktig furu-hasselskog (F1203). Vegetasjonen er i hovudsak blåbærskog, dels også småbregneskog, med røsslyngskog på tørrare knausar og innslag av fuktmark med middels rike sig (A3c, A4a og A5a etter Fremstad 1997). Furuskogen er jamt over middelaldrande til gammal, typisk med stammetverrmål på 40-50 cm (grøvre i øvre del mot vest, med målt tverrmål opp mot 80 cm), og har innslag av bjørk (ofte talrik), gråor, hassel (dels av grovere dimensjonar), hegg, osp, rogn og selje. Liggande og ståande daud ved er vanleg og utbreidd, men dette elementet saknar kontinuitet. Det vart registrert gadd med eit tverrmål på 100 cm.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bråtestorr, hengjeaks, jonsokkoll, jordnøtt, krattlodnegras, markjordbær, myske, skogfiol, smørtelg, storfrytle, tågebær og vivendel. I sig veks også enghumleblom, kvitbladtistel og sumphaukeskjegg. Lungeneversamfunnet finst sparsamt på osp, med vanlege artar som grynfiltlav og kystfiltlav. Gubbeskjegg (NT) veks spreidd på furu. Observerte fugleartar var m.a. kvitryggspett og tiur, og tiurleik er registrert litt vest for lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Sjølv om ein ser spor etter eldre hogster, er det tydeleg mange tiår sidan her har vore drifta. Her ser også ut til å ha vore utmarksbeite, og også denne drifta er det slutt på no. Gran spreier seg noko frå tilgrensande granplantingar, særleg i aust, medan platanlønna spreier seg meir friskt i fuktige parti.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 3. Gammal furuskog med hassel på ein benk sørvest for Rødlandstua.

1529052 Brusdalen: Slettebakktjønna

Nummer i Naturbase: BN00021685

Slettebakktjønna er ikkje lenger naturtype etter metoden i DN-handbok 13, men ein har likevel valt å ta med områdeomtalen. Sjølv om lokaliteten ikkje høyrer til dei prioriterte naturtypane har den likevel naturfagleg verdi og var intakt i 2011.

Generelt: Denne tjønna ligg ved Slettebakken i den austre delen av Brusdalsvatnet, og ho er omkransa av skog på alle kantar, og har ein del vassvegetasjon. Avgrensinga har teke med all kantvegetasjonen, både det vesle myrområdet i aust, og heile den glisne skogen på sørsida. Det mest interessante ved Slettebakktjønna er insektfaunaen og gode bestandar av padde. Dolmen (1995) gjorde framlegg om naturreservat.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon, noko torvmose (*Sphagnum*) i kantane.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er omgjeven av lokalveg, Europaveg 39/136 og busetnad.

Artsfunn: Det er funne mange augestikkarartar i tjønna: brun augestikkar *Aeshna grandis*, fireflekk-libelle *Libellula quadrimaculata*, kystvassnymfe *Ischnura elegans*, lita torvlibelle *Leucorrhinia dubia*, raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, raudbrun haustlibelle *Sympetrum striolatum*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, vanleg metallvassnymfe *Lestes sponsa* og variabel blåvassnymfe *Coenagrion pulchellum*. Tjønna er ei av dei få i distriktet som har bestandar av dei tre kyst- og låglandsartane kystvassnymfe, variabel blåvassnymfe og raudbrun haustlibelle. I gode år kan ein vere heldig og få oppleve masseklekking av kystvassnymfa, og då er det ikkje få hundre individ som er ute og prøver vengane. Eit anna særmerke for tjønna er at alle vassnymfene som er funne på Sunnmøre til no (6 artar) finst her, og sjølv på Nordmøre, som nok kan skilte med enda fleire vassnymfeartar, er det sjeldsynt med så mange vassnymfer i ei og same tjønn. Av amfibium er her både frosk og padde i rikeleg mengd, og her er også ein del småaure som

er populær mellom dei som er bitne av fiskebasillen. Ifølgje Naturbasen hekkar grasender og vadalar.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av viktig funksjon for insekt og amfibiar.

Omsyn/skjøtsel: Det er ikkje noko i vegen for å tynne litt til ved. Myr- og blautområda bør få stå i fred.

1529053 Brusdalsvatnet: Sandvika

Nummer i Naturbase:	BN00021689
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utfoming:	F0106 Gråor-almeskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	03.08.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiring: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 03.08.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust på sørsida av Brusdalsvatnet, rett vest for barskogreservatet «Ørnakken». Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, utforminga F0106 gråor-almeskog. Frogig høgstaude-storbregnevegetasjon er ein viktig type (D5), med blåbærskog (A4a) og dels småbregneskog (A5a) høgre oppe i lia. Skogen her er fleiraldra med etter måten ein stor del i aldringsstadium, og mykje grove tre av både alm (NT), bjørk, rogn og heilt i aust også noko osp. Almane er opp til 20 m høge, med stammetverrmål opp til om lag 80-90 cm for dei grøvste. Andre treslag er furu, gråor, hassel og hegg.

Artsmangfold: Typiske karplanter er firblad, skogstjerneblom, skogsvinerot, strutsveng, tut og kvitsoleie o.a. i tillegg til dei store felta med storbregnar (mest ormetelg, noko raggetelg). Meir kravfulle arter er gullstjerne, krossved, sanikkel og mykje tannrot, myske og ein del av andre artar som strutsveng, trollbær, kranskonvall, myskegras, olavsstake, ramslauk, skogfredlaus og trollurt. Lungeneversamfunnet er uvanleg artsrikt og svært godt utvikla, med artar som buktporelav, groplav, grynpfiltlav, kranshinnelav (VU), kystfiltlav, kystnever, lungenever, rund porelav, skorpefiltlav (NT), skrubbenever, skrukkelav, sølvnever og vanleg blåfiltlav. Av skorpelav vart det også påvist gul pærelav (NT). Av mosar vart det vidare funne ei rekke kystbundne og fuktrevande artar, men ingen raudlisteartar. Blant dei mest interessante var heimose, pusledraugmose, skjerfmose, fleinljåmose, vengemose, dronningmose, larvemose og fjordtvibladmose. I tillegg kjem narrepiggsopp (NT), som veks på mosegrodd alm.

Bruk, tilstand og påverknad: Området ser ikkje til å ha utsett for hogst, m.a.er her ikkje innslag av stivde almar.

Framande artar: Det står eit par mindre granplantasjar i teigen.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei intakte gammelskogsområda på Oksenøya.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er intakt, artsrik, har fleire raudlisteartar og samstundes har eit representativt, temperert regnskogsmiljø. Det vektleggast også at kranshinnelav her står på si kjende nordgrense, med ein av dei største populasjonane som er påvist nasjonalt.

1529113 Ellingsøyfjorden: Høyvika

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	02.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 02.07.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsva av Ellingsøyfjorden, rett aust for kommunegrensa mot Ålesund, og er ein av tre nokså like lokalitetar som er avgrensa her. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til F08 gammal barskog, med utfominga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen har mest blåbærskog (A4a) og dels småbregneskog (A5a), med røsslyng-blokkebærskog (A3c) hist og her, gjerne med spreidde innslag av storbregnar. Gammal til middelaldrande furu dominerer tresjiktet, med innslag av bjørk, gråor, osp rogn og selje, sjeldan også hassel og hegg. Både liggande og ståande daud er vanleg og utbreidd i heile teigen, sjølv om det oftast ikkje er snakk om store mengder eller er kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast typiske artar som bjønnkam, einstape, fugletelg, hengjeveng, knerot, kvitsymre, maiblom, smørtelg, storfrytle og tepperot. Gubbeskjegg (NT) veks spreidd på furu på fuktige stader. For mosar er m.a. kystbundne artar som dronningmose, heimose, storstylte og stripefoldmose o.a. registrerte. Av fuglar vart det notert ein typisk gammalskogsart som kvitryggspett, dessutan tiur.

Bruk, tilstand og påverknad: Sjølv om ein ser spor etter eldre hogster, er det tydeleg mange tiår sidan her har vore drifta. Her ser også ut til å ha vore utmarksbeite, og også denne drifta er det slutt på no.

Framande artar: Gran finst, men spreidd og fåtalig.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.

1529054 Ellingsøyfjorden: Mørkeset

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	02.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 02.07.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av Ellingsøyfjorden, rett aust for kommunegrensa mot Ålesund, og er ein av tre nokså like lokalitetar som er avgrensa her. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen har blåbærskog (A4a), mykje småbregneskog (A5a), med røsslyng-blokkebærskog (A3) hist og her, gjerne med spreidde innslag av storbregnar. Gammal til middelaldrande furu dominerer tresjiktet, med innslag av bjørk, osp rogn og selje, sjeldan også hassel og hegg. Både liggande og ståande daud er vanleg og utbreidd i heile teigen, sjølv om det oftast ikkje er snakk om store mengder eller er kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast typiske artar som bjønnkam, blåtopp, einstape, fugletelg, hengjeveng, heistorr, knerot, kvitsymre, maiblom, smørtelg, storfrytle og tepperot, dessutan ein interessant varietet som bruntelg. Lungeneversamfunn finst på rogn, med vanlege artar som grynfiltlav og kystfiltlav, medan gubbeskjegg (NT) veks spreidd på furu på fuktige stader. Av fuglar vart det notert ein typisk gammalskogsart som kvitryggspett, dessutan tiur.

Bruk, tilstand og påverknad: Sjølv om ein ser spor etter eldre hogster, er det tydeleg mange tiår sidan her har vore drifta. Mot nordaust grensar lokaliteten til ein hogstflate. Her ser også ut til å ha vore utmarksbeite, og også denne drifta er det slutt på no.

Framande artar: Gran finst, men spreidd og fåtalig.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 4. Gammal kystfuruskog med gadd og læger ved Mørkeset.

1529055 Ellingsøyfjorden: Utvikfjellet

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utföring:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	02.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 02.07.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørssida av Ellingsøyfjorden, rett aust for kommunegrensa mot Ålesund, og er ein av tre nokså like lokalitetar som er avgrensa her. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utföringar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til F08 gammal barskog, med utföringa F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen har mest blåbærskog (A4a) og dels småbregneskog (A5a), med røsslyng-blokkebærskog (A3c) hist og her, gjerne med spreidde innslag av storbregnar. Gammal til middelaldrande furu dominerer tresjiktet, med innslag av bjørk, gråor, osp rogn og selje, sjeldan også hassel og hegg. Både liggande og ståande daud er vanleg og utbreidd i heile teigen, sjølv om det oftast ikkje er snakk om store mengder eller er kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast typiske artar som bjønnkam, einstape, fugletelg, hengjeveng, knerot, kvitsymre, maiblom, smørtelg, storfrytle og tepperot. Oseaniske mosar er m.a. heimose, kysttornemose og storstylte. Gubbeskjegg (NT) veks spreidd på furu på fuktige stader. Av fuglar vart det notert ein typisk gammalskogsart som kvitryggspett, dessutan tiur.

Bruk, tilstand og påverknad: Sjølv om ein ser spor etter eldre hogster, er det tydeleg mange tiår sidan her har vore drifta. Her ser også ut til å ha vore utmarksbeite, og også denne drifta er det slutt på no.

Framande artar: Gran finst, men spreidd og fåtalig.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 5. Utvikfjellet. Bergveggane her kunne kanskje vore undersøkt betre.

1529056 Engeset: Storsætra

Nummer i Naturbase:	BN00021658
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D02 Slåtte- og beitemyr, D04 Naturbeitemark
Utfoming:	D0411 Vekselfuktig, baserik eng
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	27.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 27.06.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på inne i Engestdalen, på nordsida av vegen ved Storsætra. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til D02 slåtte og beitemyr, dels til D04 naturbeitemark (A05 rikmyr, med utforminga A0501 kunne også ha vore aktuelt), med D0411 vekselfuktig, baserik eng. Vegetasjonen kan førast til G11, vekselfuktig baserik eng og M2, middelrik fastmattemyr.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bekkeblom, bjønnbrodd, dvergjamne, fjelltistel, grov nattfiol, gulstorr, jordnøtt, kåblom, loppestorr, stortviblad, sumphaukeskjegg og svarttopp. Mest interessant er likevel ein stor bestand av solblom (VU), som i 2000 talte kring 5000 blomstrandende rosettar. Desse veks i vekselfuktige kantsoner i slåttemyrkant.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her både vore beita og slått, men i dag er heile lokaliteten i ein attgroingsfase, med einer, bjørk og furu o.a.

Framande artar: Einskilde grantré.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Skjøtsel i form av rydding av kratt og småskog, dessutan beiting (helst med storfe), bør også takast opp att dersom det er ønskeleg å behalde dei naturfaglege kvalitetane. Skjøtselsplan bør utarbeidast snarast. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein av dei viktigaste solblomlokalitetane på Vestlandet, og er i dag det mest verdifulle området som er att av dei gamle slåtte- og beitemarkene herifrå og fram mot Engesetbotnen eit par km lenger aust.

Grunnngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi her framleis veks mykje av den sårbare arten solblom, samt at slåttemyrkant er ein kritisk truga naturtype.



Figur 6. Slåttemyrkant ved Storsætra, med ikkje blomstrande rosettar av solblom.

1529057 Engeset: Øyedalen

Nummer i Naturbase:	BN00021659
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utfoming:	F0702 Gammal bjørkesuksesjon
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 27.06.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på inne i Engestdalen, på sørsida av vegen ved Storsætra og eit par km austover herifrå. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kraffulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F07 gammal lauvskog, med utforminga F0702 gammal bjørkesuksesjon. Vegetasjonen fordeles på både blåbærskog (A4a) og småbregneskog (A5a), dels også storbregneskog av typen C1b (storbregne-bjørkutforming). Bjørk er dominerande treslag, med hassel som ko-dominant og eit bra innslag av alm (NT) og rogn, meir spreidd også osp og selje. Liggande, daud ved er vanleg og utbreidd i heile lokaliteten.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast gullstjerne, stortviblad, korallrot, mykje jordnøtt, junkerbregne, mykje myske, taggbregne, strutsveng og tannrot. Mest interessant er likevel ein klatt med solblom (VU) heilt aust i området. Lungeneversamfunnet er måteleg godt utvikla, og det går mest i dei meir vanlege artane, som kystvrenge, lungenever, puteglye og skrubbenever. På alm er det funne narrpiggsopp (NT). Både dvergspett og kvitryggspett brukar området.

Bruk, tilstand og påverknad: Her har vore ein del hogst av ved, og tidligare har her òg vore mykje beita, slik at her er stadvis store parti med gras i skogen. Samla sett framstår lokaliteten likevel som nokså lite negativt påverka i nyare tid.

Framande artar: Gran spreier seg litt frå granplantingar i nærlieiken.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag ein naturskogrest i eit elles sterkt kulturpåverka landskap.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit bra areal med eldre naturskog samt funn av eit par raudlisteartar. Det vektleggast også at gammal lauvskog er nokså pressa regionalt grunna aukande vedhogst dei siste åra.



Figur 7. Frå austre delen av Øyedalen.

1529058 Engesetdalens: Engesetbotnen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr, A08 Kystmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattbevokst myr, A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige felterbeid 27.06.2011. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg innerst på nordsida av Engesetdalen, rett vest for Frostadtinden. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og mellomboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattbevokst myr, og dels (størst areal) til A08 kystmyr med utforminga A0804, som er ei blanding mellom jordvassmyr og nedbørsmyr. Her må også kunne seiast å vere innslag av både terregdekande myr og noko høgmyr. Vegetasjonen har mest K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene mot sør, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane opp mot fjella mot nord har innslag av M2 middelrik fastmattemyr. Kjelde- og sigvegetasjon finst også, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk, dvergbjørk og furu.

Artsmangfald: Av karplanter dominerer bjønnskjegg, blåtopp og duskull. Meir kravfulle artar er bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, gulstorr, jáblom, sumphaukeskjegg og svarttopp, dessutan typiske kyststartar som bjønnkam, heiblåfjør, heisiv, klokkeling, kystmyrklegg og smørtelg.

Brak, tilstand og påverknad: Her har vore beita i lang tid, og under felterbeidet vart det observert kring 100 sauher og lam. Det ser ikkje ut til at her har vore torvtekt.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga held fram.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei store, opne myrflatene ein finn i dei høgareliggende områda på nordsida av Engesetdalen.

Grunngjeving for verdurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er nokså stor, intakt og etter måten i god hevd gjennom beitinga, med innslag av ein truga naturtype som kystnedbørsmyr.



Figur 8. Engesetbotnen har store og interessante myrflater.

1529059 Engesedalen: Engesetelva

Nummer i Naturbase:	BN00021660
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F05 Gråor- hegeskog
Utfoming:	F0501 Flaummarksskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 27.06.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den midtre delen av Engesedalen, og er avgrensa aust for brua ved Saghaugen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F05 gråor-hegeskog, med utforminga F0501 flaummarksskog. Vegetasjonen førast i hovudsak til høgstaude-storbregnevegetasjon, dels med utforminga C3a (med strutsveng), som er ein sjeldan type i kystnære strok vestpå og dels C3d sølvbunkeutforming, som er meir vanleg. Bjørk og gråor er dominerande treslag, med innslag av alm (NT), ask (NT), hassel, hegg og selje. Flekkvis er her store mengder med daud ved, helst liggande.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bringebær, enghumleblom, hundekjeks, jordnøtt, kratmjølke, mjødurt, myske, skogburkne, sløkje, strutsveng, sumphaukeskjegg og villrips. Potensielt bør her kunne finnast raudlista artar av knappenållav.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen har dels vore beita, og noko vedhogst vart påvist. Elles er her vel truleg også noko påverknad av gjødsling frå dei nærliggande gardane.

Framande artar: Gran spreier seg litt frå granplantingar i nærleiken, og også platanlønn er no i spreiling.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag ein naturskogrest i eit elles sterkt kulturpåverka landskap.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit bra areal med intakt naturskog, med ei velutvikla utforming som ikkje er vanleg på ytre Sunnmøre. Det vektleggast også at gammal lauvskog er nokså pressa regionalt grunna aukande vedhogst dei siste åra.

1529060 Engesetdal: Engesettjønna

Nummer i Naturbase: BN00021664

Engesettjønna er ikkje lenger naturtype etter metoden i DN-handboka 13, men ein har likevel valt å ta med områdeomtalen (sjå <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?iid=BN00021664>). Sjølv om lokaliteten ikkje høyrer til dei prioriterte naturtypane har den likevel naturfagleg verdi.

Generelt: Tjønn ved Engeset i Engesetdal. Tjønna er eit par hundre meter lang og rundt 100 m brei.

Vegetasjon: Flyteblad- og langskotvegetasjon, torvmose (*Sphagnum*) ut mot kantane.

Kulturpåverknad: Veg, dyrka mark og hytter i området.

Artsfunn: Levestad for både amfibium (frosk og padde) og augestikkarar. Følgjande augestikkarartar er funne: brun augestikkar *Aeshna grandis*, fireflekklibelle *Libellula quadrimaculata*, kystvassnymfe *Ischnura elegans*, raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, vanleg metallvassnymfe *Lestes sponsa* og variabel blåvassnymfe *Coenagrion pulchellum*. Elles hekkar vassfuglar som stokkand, medan songsvane kan beite haust og vinter.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av førekommst av padde, mange augestikkarartar og somme vassfuglar.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep.

1529061 Engesetdal: Høgsætra sørvest

Nummer i Naturbase: Ny lokalitet

Hovudnaturtype: Myr og kjelde

Naturtype: A05 Rikmyr, A08 Kystmyr

Utforming: A0501 Rik skog- og krattbevokst myr, A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr

Verdi: B (viktig)

Moglege trugsmål: Fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 27.06.2011, DH

Stadkvalitet: God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 27.06.2011. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg innerst på nordsida av Engesetdal, rett vest for Frostadtinden. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og mellomboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattbevokst myr, og dels (størst areal) til A08 kystmyr med utforminga A0804, som er ei blanding mellom jordvassmyr og nedbørsmyr. Vegetasjonen har mest K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene mot sør, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane mot nord har innslag av M2 middelrik fastmattemyr. Kjelde- og sigvegetasjon finst også, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk og furu.

Artsmangfald: Av karplanter er typisk nok bjønnskjegg og blåtopp dominante, med innslag av andre oseaniske artar som heiblåfjør, heisiv, kystmyrklegg og rome. Meir kravfulle artar er slike som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, fjelltistel, kornstorr, kvitbladtistel, stortviblad og svarttopp. Det vart i tillegg funne 10 rosettartar av solblom (VU).

Bruk, tilstand og påverknad: Her har vore beita i lang tid, men denne bruken er meir tilfeldig i dag. Det ser ikkje ut til at her har vore torvtekt.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga held fram, og helst aukast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei store, opne myrflatene ein finn i dei høgareliggende områda på nordsida av Engesedalen.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er nokså stor, intakt og framleis har eit rikt planteliv samt ein raudlisteart i høgare kategori, og har innslag av ein truga naturtype som kystnedbørsmyr.

1529062 Engesedalen: Høgsætra søraust

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr, A08 Kystmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattbevokst myr, A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 27.06.2011. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg innerst på nordsida av Engesedalen, rett vest for Frostadtinden. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseansk vegetasjonssone (O2) og mellomboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattbevokst myr, og dels (størst areal) til A08 kystmyr med utforminga A0804, som er ei blanding mellom jordvassmyr og nedbørsmyr. Vegetasjonen har mest K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene mot sør, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane mot nord har innslag av M2 middelrik fastmattemyr. Kjelde- og sigvegetasjon finst også, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk, dvergbjørk og furu.

Artsmangfald: Av karplanter er typisk nok bjønnskjegg og blåtopp dominante, med innslag av andre oseaniske artar som heiblåfjør, heisiv, kystmyrklegg og rome. Meir kravfulle artar er slike som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, kornstorr, kvitbladtistel, skogmarihand og svarttopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Her har vore beita i lang tid, men denne bruken er meir tilfeldig i dag. Det ser ikkje ut til at her har vore torvtekt.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga held fram, og helst aukast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei store, opne myrflatene ein finn i dei høgareliggende områda på nordsida av Engesetdalen.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er nokså stor og i hovudsak intakt, med innslag av ein truga naturtype som kystnedbørsmyr.

1529063 Engesetdalen: Lassehaugtjønna

Nummer i Naturbase: BN00021661

Lassehaugtjønna er ikkje lenger naturtype etter metoden i DN-handbok 13, men ein har likevel valt å ta med områdeomtalnen (sjå <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?iid=BN00021661>). Sjølv om lokaliteten ikkje høyrer til dei prioriterte naturtypane har den likevel naturfagleg verdi.

Generelt: Våtmarksområde og myrområde med lita tjønn ved Eikroll i Engesetdalen. Lassehaugtjønna er berre lita. Myrene er planmyr, dels nedbørsmyr, dels fattigmyr.

Vegetasjon: Ombrotrof tuve- og fastmattemyr, fattig fastmattemyr. I tjønna flytebladvegetasjon og høgstorrsump med elvesnelle, flaskestorr, gulldusk, bukkeblad og kvit nykkerose.

Kulturpåverknad: Veg, dyrka mark, steinfylling, kraftline og hytter i området.

Artsfunn: Ein del vanlege augestikkjarar er funne. Lokaliteten er og leveområde for amfibiar (dårlege data). Elles hekkar vassfuglar som stokkand, vipe og enkeltbekkasin, toppand kan observerast om våren medan songsvane kan beite haust og vinter.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at han truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for B.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør unngå fleire fysiske inngrep. Området burde vore betre undersøkt.

1529064 Engesetfjellet: Gylet

Nummer i Naturbase: BN00021663

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: F01 Rik edellauvskog

Utfoming: F0103 Rikt hasselkratt

Verdi: A (svært viktig)

Moglege trugsmål: Fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 28.06.2011, DH

Stadkvalitet: God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 28.06.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett ovanfor skytebana på Fylling, ved vestenden av Engesetfjellet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til F1 rik edellauvskog, med utforminga F0103 rikt hasselkratt, dels også F0106 gråor-almeskog. Vegetasjonen vekslar frå rik lågurtskog (D2c), via høgstaudaude-storbregneskog (D5) til småbregneskog (A5a) og blåbærskog (A4a). Bjørk, hassel og furu er vanlegaste treslag, med innslag av alm (NT), barlind (VU), gråor, hegg, osp, rogn og selje. Skogen er middelaldrande til gammal, men daudvedaspektet er førebels ikkje svært godt utvikla.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast jordnøtt, krossved, kvitsoleie, liljekonvall, myske, taggbregne, tannrot, trollbær, furuvintergrøn, breiflangre, fuglereir (NT), skogbjørnebær, skogfredlaus, skogstorr, lundgrønak (flekkvis store enger) og skogfaks (utpostlokalitet). På bergveggar veks flekkvis mykje sølvnever. Greie signalartar for rik lågurtvegetasjon innan soprikket er grå trompetsopp, gullkremle, gulnande begersopp, hasselskrubb, prydhette og svartspetta musserong (NT). Imperfektsoppen *Capnobotrys dingleyae*, som i Norge berre er påvist

på barlind på Vestlandet, vart også funnen. Både dvergspett og kvitryggspett er observerte i hekketida.

Bruk, tilstand og påverknad: Den nedre delen av lokaliteten har ein klar påverknad frå tidlegare beite.

Framande artar: Gran har spreidd seg frå tilgrensande granplantasjar. Også platanlønn er no i spreiing.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilsakapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag ein viktig naturskogrest i eit elles sterkt kulturpåverka landskap.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er intakt, velutvikla, artsrik og med fleire raudlisteartar og regionalt sjeldne artar.



Figur 9. Imperfektsoppen *Capnobotrys dingleyae* er i Norge berre funnen på gammal barlind på Vestlandet. Den burde heilt klart ha vore raudlista, men gruppa den høyrer til er framleis därleg utgreidd, og såleis ikkje vurdert enda.

1529065 Engesetfjellet: Sørsida

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utföring:	F0702 Gammal bjørkesuksesjon
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	28.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 28.06.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005). Lokaliteten er samansett av dei som fekk lokal-id 10 og 11 i nemnde rapport.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Fylling, langsetter sørsida av Engesetfjellet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til F07 gammal lauvskog, med utforminga F0702 gammal bjørkesuksesjon. Sidan her er mykje hassel kunne ein òg vurdert å velje F0103 rikt hasselkratt. Vegetasjonen veksler frå rik lågurtskog (D2c), via høgstaude-storbregneskog (D5) til småbregneskog (A5a) og blåbærskog (A4a). Bjørk, hassel og furu er vanlegaste treslag, med innslag av alm (NT), barlind (VU), gråor, hegg, osp, rogn og selje. Skogen er middelaldrande til gammal, og daudvedaspektet er flekkvis middels godt utvikla. For barlind er det registrert kring 150 tre og buskar i heile lia, slik at dette er mellom dei viktigaste førekomstane for denne raudlistearten i Møre og Romsdal.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast jordnøtt, krossved, kvitsoleie, liljekonvall, lundgrønaks, myske, taggbregne, tannrot, trollbær, furuvintergrøn, breiflangre, skogbjørnebær, skogfredlaus og skogstorr. Lungeneversamfunnet førekjem spreidd på bergveggar og lauvtre, m.a. med lungenever og sòlvnever. Imperfektsoppen *Capnobotrys dingleyae*, som i Norge berre veks på barlind på Vestlandet, vart også funnen. Både dvergspett og kvitryggspett er observerte i hekketida.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har heile lia vore nytta til beite, og her ligg også eit par setrer som no er lagde ned. I nyare tid er delar av lia sterkt skjemma av granplantasjar, og i løpet av det siste tiåret er her bygd fleire skogsvegar, med massivt uttak av særleg lauvvirke.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag ein svært viktig naturskogrest i eit elles sterkt kulturpåverka landskap.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) særleg på grunn av dei store førekomstane med barlind, som også har god forynging.



Figur 10. Heilt aust på Engesetfjellet/Fyllingsfjellet står denne barlinda, nesten 400 m o.h. Den har eit tverrmål på om lag 80 cm, og er dermed truleg svært gammal.

1529066 Fylling: Fyllingslia, vest for Nesjesetra

Denne lokaliteten er så pass øydelagt av skogbruksaktivitetar at ein har valt å ikkje prioritere den under feltarbeidet i 2011. Det einaste av interesse her no er barlind (VU). Detaljane under er henta frå Naturbase (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?iid=BN00021665>).

Generelt: Lokaliteten ligg ovanfor skogsvegen i ei sørvendt li og inneheld edellauvskog med 4-5 barlindar.

Vegetasjon: Lia kan reknast som hasselrik bjørkeskog. Alm finst. Det er mest rik lågurtvegetasjon.

Kulturpåverknad: Skogen er etter måten ljósopen og er tidlegare beita. Grensar til skogsveg av nyare dato i nedre del, og mot granfelt i vestre del.

Artsfunn: Utanom barlindene vart det funne ein del edellauvskogsartar som jordnøtt, myske, sanikel, kranskonvall, liljekonvall, skogfredlaus, skogstorr, trollurt, sparsamt med taggbregne og tannrot m.fl.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er hasselkratt (truga vegetasjonstype) med ein del interessante planteartar og innslag av barlind.

Omsyn/skjøtse: Ein bør unngå fleire fysiske inngrep, treslagskifte og hogst av barlind. Det beste er om lokaliteten får liggja i fred utan større, nye inngrep

1529067 Engesetvatnet: Barvikneset

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	10.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 10.06.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Barvikneset sør aust i Engesetvatnet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sør boreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen dominerast av blåbærskog (A4a), dels også småbregneskog (A5a), og har spreidde innslag av høgstaadar og storbregnar. Furu og bjørk er dominante treslag, med innslag av hassel, hegg, gråor, osp, rogn og selje. Hassel førekjem dels som eigen suksesjon heilt aust i lokaliteten, truleg på attgrodd, gammal beitemark. Flekkvis er her bra mengder med liggande daud ved, særleg for bjørk, furu og hassel, medan furugadd finst meir spreidd (meir frekvent i høgareliggende delområde).

Artsmangfald: Typiske karplantar for fuktig, gammal kystfuruskog er bjønnkam, bleikstorr, enghumleblom, jordnøtt, kvitsymre, mjødurt, myske, skogburkne, smørtelg, raggetelg (DD), storfrytle og sumphaukeskjegg. Lungeneversamfunnet er dårleg utvikla, med artar som grynfiltlav, kystfiltlav, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav, som veks på berg og lauvtre. På furu veks også gubbeskjegg (NT).

Bruk, tilstand og påverknad: Særleg delområdet i aust er tydelege prega av tidlegare beite, og er i eit attgroingsstadium med oppslag av mykje hassel. Hovudinntrykket av lokaliteten er likevel at den er i ei dynamisk utvikling som gammal naturskog, utan nyare hogstinngrep.

Framande artar: Gran og platanlønn finst sparsamt, mest i aust.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.

1529114 Engesetvatnet: Langhaugane

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	01.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 01.07.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag ein km sør aust for Engesetvatnet/Fyllingsvatnet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt

voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen domineras av blåbærskog (A4a), dels også småbregneskog (A5a), og har spreidde innslag av høgstaunar og storbregnar, dessutan ein del myrlendt skog. Furu og bjørk er dominante treslag, med sparsame innslag av barlind (VU, ein plante), hassel (sjeldan), hegg, gråor, osp, rogn og selje. Tverrmål på furu ligg jamt over på 30-50 cm, men 80 cm vart målt. Gadd er vanleg og utbreidd, medan eldre læger finst meir sparsamt. Nyare vindfall er det flekkvis rikeleg av.

Artsmangfald: Typiske karplantar for fuktig, gammal kystfuruskog er bjønnkam, bleikstorr, enghumleblom, heiblåfjør, jordnøtt, kvitsymre, maiblom, mjødurt, skogburkne, skogfiol, skogsnelle, smørtelg, storfrytle og tepperot. Lungeneversamfunnet er måteleg godt utvikla, med grynfiltlav, kystfiltlav og vanleg blåfiltlav, som veks på osp og rogn. På furu veks gubbeskjegg (NT). Av fuglar vart det observert hønsehauk (NT), kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har området vore beita, men den bruken er det slutt på i dag. Hovudinstrykket av lokaliteten er at den er i ei dynamisk utvikling som gammal naturskog, t.d. utan nyare hogstinngrep.

Framande artar: Gran finst sparsamt.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 11. Typisk furuskogsinteriør ved Langhaugane. I bakgrunnen skimtar ein Engesetvatnet.

1529068 Engesetvatnet: Markadelta

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utfoming:	F0701 Gammalt ospeholt, F0702 Gammal bjørkesuksjon
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	10.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 10.06.2011.
Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsva av Engesetvatnet, langs den bratte nordskrenten ved Neskjosen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar: Området førast til F07 gammal lauvskog, med utfomingane F0701 gammalt ospeholt og F0702 gammal bjørkesuksjon, dessutan også noko gråor-heggeskog (F05, med utfominga F0502 liskog). Vegetasjonen har mest småbregneskog (A5a) og høgstaude-storbregneskog (C2a), med blåbærskog litt oppe i lia (A4a). Bjørk og osp er dominerande treslag, dels også gråor, med innslag av furu, hassel, hegg, rogn og selje. Innslaget av liggande daud ved er generelt stort.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bjønnkam, enghumleblom, kvitsymre, myske, raggtelg (DD), sanikkel, skogburkne, skogsnelle, smørtelg, storfrytle, strutsveng og sumphaukeskjegg. Lungeneversamfunnet er flekkvis godt utvikla, med artar som filthinnelav, grynfiltlav, grynvrente, kystfiltlav, lodnevrente, lungenever, puteglye, skrubbenever, skorpefiltlav (NT), sølvnever og vanleg blåfiltlav. Hengelaven gubbeskjegg (NT) veks dessutan på bjørk, medan skorpelaven sølvpærrelav veks på hassel. Også gammalgranlav og kattefotlav veks på eldre bjørker. Ei lang rekke oseaniske mosar er også funne, mellom anna dronningmose, heimose, småstylte og storstylte (jf. <http://artskart.artsdatabanken.no/>).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen framstår i dag som ein intakt naturskog under ein naturleg dynamikk, og det er etter måten få spor etter t.d. nyare hogst.

Framande artar: Gran spreier seg litt frå plantasjar i nærliken, og også platanlønn vart påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilsakleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og intakte naturskogsområda som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal lauvskog samt nokre raudlisteartar i lågare kategori.

1529069 Engesetvatnet: Vassberget

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	11.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 11.06.2011.
Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Vassberget, eit lite stykke sør aust for

Engesetvatnet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen har mest blåbærskog (A4a) og dels småbregneskog (A5a), gjerne med spreidde innslag av storregnar. Gammal til middelaldrande furu dominerer tresjiktet, med innslag av bjørk, osp rogn og selje, sjeldan også hassel og hegg. Både liggande og stående daud finst spreidd i heile teigen, sjølv om det oftast ikkje er snakk om store mengder eller er kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast typiske artar som bjønnkam, einstape, fugletelg, hengjeveng, knerot, kvitsymre, maiblom, smørtelg, storfrytle og tepperot. Gubbeskjegg (NT) veks spreidd på furu på fuktige stader. Av fuglar vart det notert ein typisk gammalskogsart som kvitryggspett, dessutan tiur (denne på platået mot sør).

Bruk, tilstand og påverknad: Sjølv om ein ser spor etter eldre hogster, er det tydeleg mange tiår sidan her har vore drifta. Her ser også ut til å ha vore utmarksbeite, og også denne drifta er det slutt på no.

Framande artar: Gran finst, men spreidd og fåtalig.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.

1529070 Fylling: Nedreli (slåttemark)

Nummer i Naturbase:	BN00021667
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D4104 Frisk fattigeng
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 07.09.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005, men her finst fire andre litteraturkjelder).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på rett aust for busetnaden på Fylling. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D01 slåttemark, med utforminga F0104 frisk fattigeng. Vegetasjonen består av frisk fattigeng (G4) typisk for regionen, med både halvtørre, friske og fuktigare parti. I fuktengpartia finst m.a. ein god del trådsiv og stjernestorr.

Artsmangfald: Det vart notert 40 planteartar i grasmarkene, av desse 16 naturengplanter. Dei tørrare partia er gras- og urterike med m.a. aurikkelsvæve og hårvæve. Kystpreget blir understreka av artar som heiblåfjør, heisiv og kystmaure. Soppfloraen er rik, mellom anna med raudlisteartane *Entoloma atrocoeruleum* (NT), *E. fuscotomentosum* (NT), *E. pseudocoelostinum* (VU), fiolett greinkøllesopp (VU), flammevokssopp (VU), *Geoglossum uliginosum* (EN), grå narremusserong (EN), gulbrun narrevokssopp (NT), gulfotvokssopp (NT), *Hygrocybe fornicata* (NT), lillagrå raudskivesopp (VU), raudnande lutvokssopp (VU), svartblå raudskivesopp (NT) og vranglodnetunge (VU). Av desse vart fiolett greinkøllesopp og grå narremusserong også registrerte i 2011.

Bruk, tilstand og påverknad: Husa er gamle, men bustadhuset er pussa opp. Fjøset er til nedfalls. Av andre kulturlandskapselement finst m. a. steingjerde og rydningsrøyser. Bruket har vore drive med sau og storfe til ca. 1960, men har sidan vore fråflytta. Innmarka har seinare vore brukt til hestebete i ein periode. I denne perioden vart det brukt noko kunstgjødsel, og beita hardt. Området vart i 1995 beita av sau, og dels storfe. Beitetrykket var godt, men dette hindra ikkje ei viss innvandring av skog på innmarka. Dei siste åra har her gått nokre sauer, og i 2011 ser det ut til at all bruk er opphørt.

Framande artar: Gran spreier seg i kantsonene mot granplantinga i nord.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som pløging, og her må heller ikkje gjødslast. Elles er det no eit akutt behov for å ta opp att skjøtselen, og ein skjøtselsplan er sterkt ønskeleg. Framande artar må fjernast.

Del av heilsakapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag eit lite restområde for denne naturtypen i Skodje, kor elles dei fleste tilsvarande område no er attgrodde.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi her framleis er populasjonar av raudlisteartar i høgare kategori. Naturtypen er også truga.



Figur 12. Fiolett greinköllesopp (VU) veks framleis ved Nedreli på Fylling, men attgroinga for denne svært verdifulle lokaliteten nærmar seg no raskt ein kritisk fase.



Figur 13. Grå narremusserong (EN) veks framleis ved Nedreli på Fylling, men attgroinga for denne svært verdifulle lokaliteten nærmar seg raskt no ein kritisk fase

1529071 Fylling: Nedreli (skog)

Nummer i Naturbase: BN00021668

Denne lokaliteten er ikkje lenger naturtype etter metoden i DN-handboka, men ein har likevel valt å ta med områdeomtalen. Sjølv om lokaliteten ikkje høyrer til dei prioriterte naturtypane har den likevel naturfagleg verdi. Av raudlisteartane lista opp i omtalen er det berre lurvesøtpigg (NT) som i dag er oppført i den oppdaterte rapporten for slike.

Generelt: I aust- og øverkant av småbruket Nedreli på Fylling finst eit lite område med hasselskog, som er artsrikt og variert med omsyn på soppflora.

Vegetasjon: Hasselkratt av kysttypen (D2c, truga vegetasjonstype).

Kulturpåverknad: Skogen er truleg eit suksesjonsstadium frå tidlegare meir ope lende, men truleg har hasselen vore framelska og selt til tønneband som så mange andre stader. Lokaliteten grensar til granplantefelt og ope kulturlandskap.

Artsfunn: Raudlisteartar av sopp: brunfiolett kremle *Russula brunneoviolacea* (R), marsipankremle *Russula grata*, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC), lurvesøtpigg *Bankera fuligineaalba* (R), svartkvit sølvpigg *Phellodon melaleucus* (DC), skjeggfrynsesopp *Thelephora penicillata* (R), *Hydrabasidium subviolaceum* (R) og silkesnyltbehatt *Asterophora parasitica* (R). Andre interessante soppartar: broket kremle *Russula cyanoxantha*, bleik-kjuke *Antrodia semisupina*, stor soppklubbe *Cordyceps capitata*, smal soppklubbe *Cordyceps ophioglossoides*, blåbrunpigg *Hydnellum caeruleum*, tobakkbroddsopp *Hymenochaete tabacina*, dverglakssopp *Laccaria tortilis*, sølvhette *Mycena polygramma*, røykmusserong *Tricholoma fucatum* og svovelmusserong *Tricholoma sulphureum*.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein edellauvskog av typen kysthasselkratt (truga vegetasjonstype) med førekomst av fleire raudlisteartar i lågare kategori. Lokaliteten er liten og ikkje særleg velutvikla i dag, men artsinventaret er framleis interessant.

Omsyn/skjøtsel: Fysiske inngrep og treslagskifte bør unngåast. Det beste for naturverdiane er at området ikkje blir hogd.

1529073 Fylling: Solli

Nummer i Naturbase: BN00021672

Denne lokaliteten er ikkje drifta som småbruk lenger, men mellom anna nytta som hundegard (trekkhundar). Den vart derfor ikkje prioritert ved dei supplerande undersøkingane i Skodje i 2011, og status for raudlisteartane osb. er uviss. Omtalen under er henta frå <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?iid=BN00021672>.

Generelt: Det undersøkte området er ein liten haug ved eit sommarfjøs med beitemark rundt på sørssida av vegen til Barlindhaugsetra.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4), dels av jordnøtt-utforming (vert rekna som truga).

Kulturpåverknad: Noko er dyrka. Beitemarka hadde delvis eit noko gjødsla preg, men med magrare parti i ytterkantane. Det gjekk sau på beite.

Artsfunn: Mest interessant er funn av dei to raudlisteartane vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (E=direkte truga) og grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (V=sårbar). Desse er begge svært sjeldne og kravfulle beitemarkssoppar, som er føreslegne som norske ansvarsartar. Dei tyder på at dette er eit gammalt kulturlandskap med langvarig hevd. Det vart funne 11 naturengplanter, mest i dei magre ytterkantane. Av desse kan nemnast aurikkelsvæve, hårvæve, heiblåfjør og jordnøtt.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med funn av to beitemarkssoppar i høg raudlistekategori, dessutan førekjem den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.

Omsyn/skjøtsel: Beitinga bør halda fram.

1529072 Fylling: Steinsetsetra

Nummer i Naturbase: BN00021671

Denne lokaliteten er no grodd att, og den vart derfor ikkje prioritert ved dei supplerande undersøkingane i Skodje i 2011. Omtalen under er henta frå <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?iid=BN00021671>.

Generelt: Setrane ligg omkransa av skog og myr i nærleiken av Fyllingselva og Mevatnet. Marka er dels ganske fuktig og myrlendt.

Vegetasjon: Delvis frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Tidlegare seter, noko er dyrka, noko er naturbeitemark.

Artsfunn: Utvalet av planteartar var trivielt, og det vart berre funne to beitemarkssopp. Den eine av desse var *Entoloma caesiocinctum*, ein uvanleg art som og står på raudlista. Undersøkingane vart avslutta utan å ta fullstendig planteliste. Det vart mellom anna notert aurikkelsvæve og kornstorr.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei typisk naturbeitemark for regionen med mindre areal interessant vegetasjon, og eit trivielt artsutval.

Omsyn/skjøtsel: Beitinga bør halda fram.

1529074 Fylling: Storetjønna og Litletjønna

Nummer i Naturbase: BN00021676

Denne lokaliteten er ikkje lenger naturtype etter metoden i DN-handbok 13, men ein har likevel valt å ta med områdeomtalen. Sjølv om lokaliteten ikkje høyrer til dei prioriterte naturtypane har den likevel naturfagleg verdi.

Generelt: To små tjønner på Fylling som m.a. er amfibie- og augestikkar-lokalitet.

Vegetasjon: Dårlege data.

Kulturpåverknad: Dårlege data.

Artsfunn: Levestad for både amfibium (frosk og padde) og augestikkarar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten m.a. har ein paddebestand, truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep som påverkar våtmarkene.

1529075 Glomset: Haugtua, nordsida

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	28.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiting: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 28.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg kring Haugtua nord for Glomset og grenser til «Ørnakken naturreservat». Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen førast i hovudsak til blåbærskog (A4a), med innslag av småbregneskog (A5a) og røsslyng-blokkebærskog (A3c), med ein stor del grasdominert fattigskog i fuktige parti (helst A7c). Furu er dominerande treslag, med innslag av bjørk, gråor, osp (sjeldan), rogn og selje (sjeldan). Trelderden for furu ser generelt ut til å vere høg, ofte med grove dimensjonar (tverrmål på 60-80 cm er vanleg), og her er gjennomgående bra innslag med daud ved, sjølv om det ikkje er snakk om kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast typiske artar som bjønnkam, blåtopp, maiblom, myrfiol, rome, skognnelle, skogstjerne, smørtelg, storfrytle. Gubbeskjegg (NT) veks på gamle furutre, ofte talrikt. Lokaliteten har også ein tiurleik og er samstundes del av leveområde for hønsehauk (NT).

Bruk, tilstand og påverknad: Ein ser spor etter eldre skogsdrift, men hovudintrykket av lokaliteten er at den i lang tid har vore i ei god utvikling i ein naturleg dynamikk som naturskog.

Framande artar: Gran finst, men spreidd og fåtalig.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 14. Gammal furuskog på nordsida av Haugtua, med mykje gubbeskjegg (NT) på dei gamle furutrea.

1529076 Glomset: Haugtua, vestsida

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	28.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 28.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg kring Haugtua nord for Glomset og grenser til «Ørnakken naturreservat». Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonssesjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen førast i hovudsak til blåbærskog (A4a), med innslag av småbregneskog (A5a) og røsslyng-blokkebærskog (A3c), med ein del grasdominert fattigskog på eit platå med fuktige parti (helst A7c). Furu er dominerande treslag, med innslag av barlind (VU, sjeldan), bjørk, gråor, hassel, osp, rogn og selje. Trelderden for furu ser generelt ut til å vere høg, ofte med grove dimensjonar (95 cm i tverrmål målt), og her er gjennomgåande bra innslag med særleg vindfelt daud ved, sjølv om det ikkje er snakk om kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bjønnkam, bråtestorr, kornstorr, skogfiol, smørtelg, storfrytle og tepperot. Gubbeskjegg (NT) veks flekkvis talrikt på gammal furu. Her er dessutan del av leveområde for hønsehauk (NT), kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Ein ser spor etter eldre skogsdrift, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den i lang tid har vore i ei god utvikling i ein naturleg dynamikk som naturskog.

Framande artar: Gran finst, men spreidd og fåtalig.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog og innslag av ein sårbar art på raudlista.

1529077 Glomset: Haugtua, søraustsida

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	28.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiring: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 28.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg kring Haugtua nord for Glomset og grenser til «Ørnakken naturreservat». Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen førast i hovudsak til blåbærskog (A4a), med innslag av småbregneskog (A5a) og røsslyng-blokkebærskog (A3c). Furu er dominerande treslag, med innslag av barlind (VU, sjeldan), bjørk, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Trelderden for furu ser generelt ut til å vere høg, ofte med grove dimensjonar (særleg sett på bakgrunn av at her er låg til middels god bonitet), og her er gjennomgående bra innslag med daud ved, sjølv om det ikkje er snakk om kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast typiske artar som bjønnkam, bråtestorr, einstape, hengjeaks, lækjeveronika, markjordbær, skogfiol, smørtelg, storfrytle og sumphaukeskjegg. Gubbeskjegg (NT) veks lokalt rikeleg på gammal furu. Av fuglar vart det observert hønsehauk (NT), kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Ein ser spor etter eldre skogsdrift, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den i lang tid har vore i ei god utvikling i ein naturleg dynamikk som naturskog. Den grenser til nyare hogstflater i aust og sør. Tidlegere har her vore utmarksbeite, og minne om dette er gammal og grov søyleeiner på opp mot 10 m høgd.

Framande artar: Gran finst, men spreidd og fåtalig.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog og innslag av ein sårbar art på raudlista.

1529078 Glomset: Honningdalselva

Nummer i Naturbase:	BN00021692
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F09 Bekkekløft
Utföring:	F0901 Bekkekløft
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	17.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 17.07.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg eit par km for Glomset, og er avgrensa langs elva mellom Nerstølen og Vallesetra. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F09 bekkekløft med utföringa F0901 bekkekløft. Vegetasjonen har mykje høgstaude-storbregneskog (C1b, C1c og dels C3a) på skuggesida, medan ein på solsida gjerne finn meir utprega blåbærskog (A4a) eller røsslyng-blokkebærskog (A3c). Bjørk er dominerande treslag, dels også gråor, med innslag av furu, gråor, hegg, osp, rogn og selje. Særleg for bjørk kan det stadvis vere grove dimensjonar og ein del daud ved. Også i elva er det mykje daud ved, noko som kan vere bra i høve til potensiell førekommst av sjeldne, vedbuande mosar.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bruntelg (som er sjeldan varietet av den vanlege bregnene sauettelg), firblad, fjellsyre, kranskonvall, kvitsoleie, mjødurt, myske, myskegras, skogburkne, skogsnelle, sløkje, smørtelg, strutsveng, sumphaukeskjegg, trollurt og turt. Gubbeskjegg (NT) veks spreidd m.a. på bjørk, medan lungenever, dels også skrubbenever, er talrik på ulike lauvtre. Her er også funne skorpefiltlav (NT) og skrukkelav. Flatsaltlav (VU) veks sparsamt på blokkmark i elva, og er eitt av to funn i Møre og Romsdal.

Bruk, tilstand og påverknad: Fleire stader er det nyleg hogd nokså nært elva, og nokre små granplantingar står også langs elvekanten.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande naturskogsmiljøa som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal lauvskog og innslag av ein sårbar art på raudlista, samstundes som det vektleggast at naturtypen bekkekløft er sjeldan i ytre strok på Sunnmøre.



Figur 15. Frodig bekkekløftmiljø i Honningdalselva. Det eine av to funn av flatsaltlav (VU) i Møre og Romsdal er herfrå.



Figur 16. Bruntelg frå bekkekløfta i Honningdalselva. Den kjennast på sine blankt svartbrune skaft.

1529118 Glomset: Honningdalsdalen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utföring:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	17.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 17.07.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørssida av Honningdalselva eit par km vest for Glomset. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utföringar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utföringa F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen er i all hovudsak blåbærskog (A4a) og småbregneskog (A5a), men òg noko høgstaude-storbregneskog med flekkvis mykje smørtelg (C1c). Furu og bjørk dominerer tresjiktet, og har ofte middels grove til grove dimensjonar, med innslag av gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Vanlege tverrmål på furu er 40-50 cm, og høgt oppe i lia er det òg mange tre med tverrmål på 50-60 cm. Daudvedaspektet er godt utvikla, framfor alt med mykje liggande lauvtre, medan gadd for furu er meir spreidd.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bjønnkam, enghumleblom, kystmaure, skogburkne, skogfiol, skogrøyrkvein, smørtelg, storfrytle og sumphaukeskjegg. Gubbeskjegg (NT) veks spreidd på særleg furu, medan lungeneversamfunnet er frodig i dei øvste delane av lia, med mykje lungenever og skrubbenever, dessutan grynpiltlav og kystpiltlav. Av fuglar er her observert kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 17. Gammal, oseanisk blåbærfuruskog frå Honningdalsdalen,

1529079 Glomset: Litletjønna

Nummer i Naturbase:	BN00021691
Hovudnaturtype:	Vatn og våtmark
Naturtype:	E10 Naturlig fisketomme tjern
Utfoming:	E1002 Lite myrtjern og myrpytt
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	17.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Området vart berre observert med kikkert 17.07. 2011, og er intakt. Nytt feltarbeid vart derfor ikkje prioritert, og omtalen under er såleis henta frå Naturbase: (<http://dnweb12.dirmat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?id=BN00021691>). Tjerna bør likevel undersøkast for blodigle (VU), som finst i eit par andre tjern i nærleiken.

Generelt: Lita tjønn ved Glomset, som ligg ved veggen til setrane i området (Nerstølen og Øvrestølen).

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon med torvmose (*Sphagnum*) langs kantane.

Kulturpåverknad: Granplanting på sørsida.

Artsfunn: Frosk, padde og ein del vanlege augestikkarar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av registrert paddebestand, lokaliteten tilfredsstiller truleg ikkje kriteria for B.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep i og rundt tjønna.



Figur 18. Litletjørna, med Haugtua og «Ørnakken naturreservat» i bakgrunnen.

1529080 Gudmundset: Gudmundsetsetra

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utföring:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiding: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 27.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord og nordaust for Gudmundsetsetra et par km vest for Glomset. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen er dels blåbærskog (A4a), dels småbregneskog (A5a) og på tørrare stader også røsslyng-blokkebærskog (A3c). I fuktigare parti er det i tillegg innslag av grasdominert fattigskog (A7c). Furu dominerer i tresjiktet, oftast med middels grove til grove dimensjonar. Elles er det innslag av barlind (VU, sjeldan), bjørk, hassel (sjeldan), hegg, osp, rogn og selje (sjeldan). Både liggande og ståande daud ved er utbreidd, sjølv om det førebels ikkje er snakk om kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bjønnkam, fugletelg, hengjeaks, hengjeveng, jordnøtt, maiblom, skogfiol, skogsnelle, smørtelg, storfrytle og sumpfaukeskjegg. Gubbeskjegg (NT) veks rikeleg på furu i dei øvste delane. Her er også leveområde for storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudintrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg. Mot sør grenser lokaliteten til ein hogstflate og traktorvegar av nyare dato.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, mot hogstflaten i sør kjem også platanlønna inn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 19. Gammal furuskog med mykje gubbeskjegg (NT) nord for Gudmundsetsetra.

1529081 Gudmundset: Rotnakken

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utföring:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	24.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 24.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Gudmundsetsetra eit par km vest for Glomset. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utföringar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utföringa F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen er dels blåbærskog (A4a), dels småbregneskog (A5a) og på tørrare stader også røsslyng-blokkebærskog (A3c). I fuktigare parti er det i tillegg innslag av grasdominert fattigskog (A7c). Furu dominerer i tresjiktet, ofte grove til svært grove dimensjonar (105 cm og 113 cm i tverrmål målt, og fleire i storleiken 80-90 cm). Elles er det innslag av bjørk, hassel (sjeldan), gråor, hegg, osp, rogn og selje (sjeldan). Både liggande og ståande daud ved er vanleg og utbreidd, i øvre delen ofte med grove dimensjonar, slik at ein grenser til kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast enghumleblom, hengjeaks, jordnøtt, krattlodnegras, lækjeveronika, markjordbær, skogburkne, skogfiol, smørtelg, storfrytle og sumphaukeskjegg. Gubbeskjegg (NT) veks flekkvis talrikt på gammal furu. Her er også del av leveområde for hønsehauk (NT), kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, og i sør ser ein også platanlønn som kjem inn på fuktmark.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, kor også kontinuitetspreget vektleggast.

1529082 Håhjem: Igletjønna

Nummer i Naturbase:	BN00021687
Hovudnaturtype:	Vatn og våtmark
Naturtype:	E10 Naturlig fisketomme tjern
Utföring:	E1002 Lite myrtjern og myrpytt
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	17.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Området vart berre observert med kikkert 17.07. 2011, og er intakt. Nytt feltarbeid vart derfor ikkje prioritert, og omtalen under er såleis henta frå Naturbase: (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?id=BN00021687>).

Generelt: Lokaliteten er ei vegetasjonsrik tjønn med rikt dyreliv, særleg viktig er funn av blodigle. Igletjørna ligg i eit blautmyrområde, med gyngetorver som eit av kjenneteikna nær vassflata, og mange djupe vassholer hist og her. Når det gjeld avgrensing, er heile myra aust for tjørna teke med, om lag inn til skogsbilvegen. Elles er det avgrensa mot haugane på sørsla og det same mot nord, i praksis alt som er flatt i området.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon med mykje torvmose (*Sphagnum*) ut mot tjønna.

Kulturpåverknad: Liten eller ingen.

Artsfunn: Den raudlista blodigla (R) vart funnen av Hans Olsvik og Dag Holtan 12. mai 1996. Dette er truleg verdsnordgrense for arten, sidan bestandane i Rindalen synest å vera tapt. Det er elles berre kjent to lokalitetar til i fylket, som òg ligg i Skodje (Glomsetskardet). Elles har tjøerna ein god paddebestand, og i mai 1996 vart det talt opp overflatisk rundt 100 individ. Blodigla er nok glad i desse. Hans Strøm (1766) skreiv om ”oppdrett” av blodigler på Håheim for over 200 år sidan, og det kan kanskje ha vore i Igletjønna? Følgjande augestikkarar er påvist: brun augestikkar *Aeshna grandis*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, variabel blåvassnymfe *Coenagrion pulchellum*, smaragdaugestikkar *Cordulia aenea*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, kystvassnymfe *Ischnura elegans*, lita torvlibelle *Leucorrhinia dubia*, fireflekklibelle *Libellula quadrimaculata*, raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, vanleg metallaugestikkar *Somatochlora metallica*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*. Særleg merkar ein seg funn av smaragdaugestikkaren, som berre er kjend frå 3 område på Sunnmøre. Hekkeplass for graserender og siland.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei låglandstjønn med fleire interessante artar, særleg førekomensten av blodigle, som står som sjeldan (R) på raudlista. Bestandar av padde, sjeldne augestikkarar og våtmarksfugl trekkjer også opp verdien.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør ikkje drenere, grøfte, bygge vegar eller plante skog inntil tjønna. Blodigla er freda og bør få vera i fred.

Kommentar av Dag Holtan 12.03.2012: Blodigla har vore kjent lenge før Olsvik og Holtan fann henne (Dolmen, D., Økland, K. A., Økland, J., Syvertsen, K. & Rabben, J. 1994: Blodiglas utbredelse og levevis i Norge. Fauna 47: 214-229.), og lokaliteten er ikkje lenger kjent nordgrense for arten, som i dag er raudlista som sårbar (VU).

1529083 Opskar: Opskar

Nummer i Naturbase:	BN00079381
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D01 Slåttemark
Utforming:	D0104 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	04.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Området vart opphavleg undersøkt av John Bjarne Jordal 18.07.2002, i samband med kartlegging av naturtyper i Skodje (Jordal & Holtan 2005). Dag Holtan kontrollerte statusen til slåtteenga ved nytt feltarbeid 04.07.2011 i samband med skjøtselsplanarbeid. Områdeomtalen er slik sett noko justert, samstundes som verdien er endra frå A til B.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Opskar litt vest for Stette, på nordsida av og om lag innerst i Ellingsøyfjorden, og har fattig gneis i berggrunnen.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstyper: Naturtypen er D01 slåtteeng, med utforminga D0104 frisk fattigeng (med vegetasjonstypen G04 etter Fremstad 1997). Naturtypen reknast som truga (EN).

Artsmangfold: Mest interessant i 2002 var ca. 40 blomstrande solblom. Elles vart det funne kystgrisøyre, kystmaure, grov nattfiol, kjertelaugnentrøst, prestekrage, smalkjempe, harerug, tiriltunge, småengkall, aurikkelsvæve, blåknapp, bråtestorr, jordnøtt, lækjeveronika, hårvæve, blåkoll, kattefot, knegras, engfiol og kornstorr. Av beitemarkssopp vart det funne kantarellvokssopp, både i 2002 og 2011. I 2011 vart det berre observert ein blomstrande stengel av solblom, pluss 5-6 rosettar under ei trampoline i enga.

Bruk, tilstand og påverknad: Vert framleis slege, i juli. Ein hadde sauver fram til 1986, med beite både vår og haust, men det er ikkje dyr på garden lenger. Deler av enga var jordbæråker først på 1900-talet, utan at området har spor etter gjødsling. I 2011 er slåtten endra, i den forstand at arealet nærmast husa skjøttast som plen, med hyppig slått med plenklippar, i alle fall etter 2002. I tillegg er delar i vest no opparbeida som parkeringsplass. Berre den midtre delen av enga vart i 2011 skjøtta som slåtteeng, med ein årleg seinslått.

Framande arter: Ingen påvist.

Kulturminne: Ikkje registrert.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig med framhald av slåtten av denne enga. Dette er heilt naudsynt for å bevara det store mangfaldet. Målet for skjøtselen er i hovudsak å ta vare på og auke førekomensten av solblom.

Del av heilskapleg landskap: Teigen utgjer ein artsrik og liten del av eit større heilskapleg landskap på Opskar, kor det øvrige arealet no beitast med sauver.

Grunngjeving for verdisetning: Området blir verdsett til B (viktig) fordi det er ei nokolunde intakt og artsrik slåtteeng, og på grunn av funn av raudlistearten solblom. Vidare er naturtypen sterkt truga (EN). Dette er ei nedskrivning av verdivurderinga frå 2002, på grunn av at skjøtselen har ført til ein sterk bestandsreduksjon for solblom, samstundes som ein del av enga no har vorte parkeringsplass.



Figur 20. Solblom (oransje blom midt på bildet) ved den verdifulle slåttemarka på Opskar.

1529084 Opskar: Stettevika

Nummer i Naturbase:	BN00021670
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F06 Rik sumpskog
Utfoming:	F0602 Svartor-strandskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	04.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 11.12.2004 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005). Lokaliteten vart vidare observert med kikkert 04.07.2011, og er intakt, slik at vidare feltarbeid ikkje vart prioritert.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg inst i Ellingsøyfjorden, nedanfor Opskar litt vest for Stettevika. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast under tvil til F06 rik sumpskog, med utfominga F0602 svartor-strandskog. Vegetasjonen er dels lågurtskog og dels småbregneskog (A5a), med oppslag av spreidde høgstaudar og storregnar, dessutan kjeldevegetasjon. Det er likevel tvil om kva slags vegetasjonstypar ein skal føre teigen til, då den passar dårleg med utfomingane etter Fremstad (1997), ikkje minst grunna at svartor-strandskog er utarma nord på Vestlandet.

Artsmangfold: Det var i 2004 for seint på året til å få ei fullverdig planteliste. Likevel kunne ein finne ein del av dei varmekjære artane krossved, markjordbær, myske, sanikel og skogfredlaus,

som alle høyrer heime i rik lågurtskog. Elles mykje gaukesyre og enghumleblom. Noko krattlodnegras og sølvbunke syner den tidlegare beitinga. I strandlina veks m.a. mjødurt, strandrug og strandrør.

Bruk, tilstand og påverknad: Stor spreiing av platanlønn, særleg i austre delen. I vest og nord gran (lokaliteten er her avgrensa inntil ei granplanting). Tidlegere har her vore mykje beita, men denne bruken er det slutt på no. Lokaliteten grensar elles til veg i nord, og til hytteeigedomar i aust og vest (til bryggja i vest).

Framande artar: Både gran og platanlønn er i spreiing.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilsakapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag ein viktig naturskogrest i eit elles sterkt kulturpåverka landskap.

Grunngeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har ein variert skog med ulike kvalitetar, m.a. rik edellauvskog og førekommst av fleire varmekjære artar. Det kan ikkje utelukkast at undersøkingar av sopp vil auke verdien. Eit anna viktig moment ved verdsettinga er at både kysthasselkratt og rikare sumpskog er sjeldne og truga naturtypar, og det avgrensa området utgjer ein liten rest av eit større, rikt skogområde, m.a. med mykje svartor.

1529085 Reiakvam: Reitebakken

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	20.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 20.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Reiakvam ved Brusdalsvatnet, rett aust for kommunegrensa til Ålesund. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseansk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog, sjeldan også fuktig furu-hasselkog (F1203). Vegetasjonen er dels blåbærskog (A4a), dels småbregneskog (A5a) og på tørrare stader også røsslyng-blokkebærskog (A3c). Furu dominerer i tresjiktet, oftast med middels grove dimensjonar, men i øvre delen er tverrmål på opp mot 60 cm vanleg, sjeldan også 70-80 cm. Elles er det innslag av bjørk, hassel, gråor, hegg, morell, osp, rogn og selje (sjeldan). Både liggande og ståande daud ved er spreidd, men utbreidd, utan at det er snakk om kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast enghumleblom, hengjeaks, jordnøtt, krattlodnegras, kranskonvall, lækjeveronika, markjordbær, myske, skogburkne, skognelle, skogfiol, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg, tågebær og vivendel. Gubbeskjegg (NT) veks sparsamt på gammal furu. På lauvtre veks både grynfiltlav, lungenever og vanleg blåfiltlav, men lungeneversamfunnet er ikkje godt utvikla. Her er også leveområde for kvitryggspett og storfugl (spellass er registrert), som begge vart observerte under feltarbeidet.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg særleg i den øvre delen.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, og i sør ser ein også platanlønn som kjem inn på fuktmark.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 21. Hasselrik furuskog finst det ein del av ved Reitebakken nær Reiakvam.

1529086 Saltkjelsvik: Nausa

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utföring:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	22.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 22.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg heilt aust i forlenginga av Ellingsøyfjorden, sør for Innvik og vest for Saltkjelsvik. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, humid underseksjon (O3h) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utföringar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utföringa F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen er dels blåbærskog (A4a), dels småbregneskog (A5a) og på tørrare stader også røsslyng-blokkebærskog (A3c). I tillegg er her litt myrlendt skog (impediment). Furu er dominerande treslag, og haugen midt i lokaliteten har nesten ikkje innslag av lauvtre. Særleg i nordskrenten kjem dei inn, med bjørk, gråor, osp, rogn og selje. Gjennomgående ligg tverrmålet på furu i storleiken 40-50 cm, sjeldan over 60 cm og opp til 80 cm. Daud ved finn ein helst spreidd.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bjønnkam, blåknapp, kornstorr, hengjeaks, maiblom, skogfiol, skogstorkenebb, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg, tepperot og tågebær. Gubbeskjegg (NT) veks spreidd på eldre furutre.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg. Ein traktorveg er opparbeidd på sørsida av lokaliteten.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 22. Nausa er den oppstikkande kollen midt på bildet.

1529087 Skinstadreset: Straumsdalen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	21.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 21.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Skinstadreset naturreservat, og grensar mot denne om lag heile strekninga aust-vest. Berggrunnen består av ikke inndelte gneisar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, humid underseksjon (O3h) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen er dels blåbærskog (A4a), dels småbregneskog (A5a) og på tørrare stader også røsslyng-blokkebærskog (A3c). I tillegg er her litt myrlendt skog (impediment). Furu er dominerande treslag, og haugen midt i lokaliteten har nesten ikkje innslag av lauvtre. Særleg i nordskrenten kjem dei inn, med bjørk, gråor, osp, rogn og selje. Gjennomgåande ligg tverrmålet på furu i storleiken 40-50 cm, men mange ligg også i storleiken 50-60 cm, og heilt opp til solide 151 cm vart målt. Daud ved finn ein helst spreidd.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bjønnkam (svært talrik), blåtopp, fjelltistel (uventa funn, høyrer eigentleg heime på rikmyr), kornstorr, hengjeaks, maiblom, skogfiol, skogstorkenebb,

smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg, tepperot, tågebær og øyrevier. Gubbeskjegg (NT) veks til dels talrikt på eldre furutre. Både kvitryggspett, hönsehauk (NT) og storfugl nyttar området jamt.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 23. Kjempefuru i Straumsdalen ved Skinnsadreset naturreservat. Omkrinsen er om lag 475 cm.



Figur 24. Same tre som i figur 23. Tverrmålet er om lag 151 cm.

1529088 Skodje: Gildrehaugen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utföring:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 08.06.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg eit par km nordaust for Skodje sentrum. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, humid underseksjon (O3h) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog, dessutan element av fuktig furu-hasselskog (F0802). Vegetasjonen er dels blåbærskog (A4a), dels småbregneskog (A5a) og på tørrare stader også røsslyng-blokkebærskog (A3c). I tillegg er her litt myrlendt skog (impediment), særleg i søkk oppe på platået. Furu er dominerande treslag, med innslag av barlind (VU, sjeldan), med bjørk, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Gjennomgående ligg tverrmålet på furu i storleiken 30-50 cm, men ein del ligg også i storleiken 50-60 cm, sjeldan opp mot 90 cm. Daud ved finn ein helst spreidd, men her er mange rotvelter av nyare dato.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bjønnkam, blåtopp, jordnøtt, hengejaks, krattlodnegras, maiblom, skogfiol, skognelle, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg, tepperot og tågebær. På hassel vart det funne puteglye, men lungeneversamfunnet er i hovudsak fråverande. Gubbeskjegg (NT) veks spreidd på eldre furutre. Både kvitryggspett, hønsehauk (NT) og storfugl nyttar området jamt.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudintrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg.

Framande artar: Gran spreier seg litt frå granplantingane i nærleiken, og platanlønn er under innvandring frå traktorvegar og hogstflater.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.



Figur 25. Gammal furuskog med barlind ved Gildrehaugen.

1529089 Skodje: Indreberg

Nummer i Naturbase: BN00021677

Området vart berre observert med kikkert i 2011, og ser ikkje ut til å ha høge biologiske kvalitetar. Feltarbeid vart dermed ikkje prioritert, og omtalen under er henta frå Naturbase: (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?id=BN00021677>).

Generelt: Det undersøkte området er eit område med naturbeitemark og noko meir gjødsla beitemark ovanfor Erikgarden på Indreberg i Skodje.

Vegetasjon: Delvis frisk fattigeng (G4), delvis noko meir nitrofilt med sølvbunkeeng (G3) m.m.

Kulturpåverknad: Gammal kulturmark som truleg kan ha vore slåttemark atti tida, men som no vert beita av storfe.

Artsfunn: Det vart funne nokre få naturengplanter, m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, kystgrisøyre og ubestemt nattfiol. Elles vart det funne eit par vidt utbreidde beitemarkssopp. Grunneigar Otto Berg fortalte elles at det har vore solblom på nabogarden (sist sett ca. 1997-98), dette har det ikkje vore tid til å sjekka på rett årstid.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med funn av nokre naturengplanter og eit par vidt utbreidde beitemarkssoppar. Lokaliteten tilfredsstiller kanskje ikkje krava til B.

Omsyn/skjøtsel: Beitinga bør halda fram.

1529090 Skodje: Nihusen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	10.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 10.06.2011.
Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på plataet mellom Engesetvatnet og bygda Skodje, på austsida av fjellet Nihusen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utfominga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen dominerast av blåbærskog (A4a), dels også småbregneskog (A5a), og har spreidde innslag av høgstaudar og storbregnar, dessutan ein del myrlendt skog. Furu og bjørk er dominerande treslag, med sparsame innslag av hassel, hegg, gråor, osp, rogn og selje. Daud ved finst spreidd.

Artsmangfald: Typiske karplantar for fuktig, gammal kystfuruskog er bjønnkam, bleikstorr, enghumleblom, jordnøtt, kvitsymre, maiblom, mjødurt, skogburkne, skogfiol, skogstjerne, smørtelg, storfrytle og tepperot. Lungeneversamfunnet er fråverande. På furu veks gubbeskjegg (NT). Av fuglar vart det observert kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har området vore beita, men den bruken er det slutt på i dag. Hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei dynamisk utvikling som gammal naturskog, t.d. utan nyare hogstinningsgrep.

Framande artar: Gran finst sparsamt, nordvest for den gamle drikkevasskjelda i området også platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.

1529091 Straumsdal: Nørstjønna og Straumsdemma

Nummer i Naturbase:	BN00021675
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	E10 Naturleg fisketomme innsjøar og tjern
Utfoming:	E1002 Lite myrtjern og myrpytt
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Området vart observert seinast 07.09.2011, og er intakt, men feltarbeid vart ikkje prioritert i 2011. Omtalen under er derfor berre henta frå Naturbase: (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?id=BN00021675>).

Generelt: Desse to smådammane ligg tett ved kvarandre rett ved Straumsdalen. Det avgrensa området tek med både dammane og dei mindre myrområda, slik at ein også her får ei buffersone.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon med torvmose (*Sphagnum*) i kantane.

Kulturpåverknad: Området rundt er prega av hogst, granplanting og vegar.

Artsfunn: I april-mai, rett etter isløsing, kryp amfibie fram, og då vil ein sjå at her er etter måten gode førekommstar, mest padde, og berre litt frosk. Elles ein del vanlege augestikkjarar.

Verdsetting: Lokaliteten må vel kunne seiast å vere av meir lokal betyding. Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av førekommstane av paddar, og tilfredsstiller truleg ikkje kriteria for B.

Omsyn/skjøtsel: Områda bør ikkje utsettast for inngrep.

1529093 Skodjevika: Vest for Murvika

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	03.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 03.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for badeplassen ved Murvika i Skodjevika. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog og dessutan eit mindre areal med fuktig furu-hasselkog (F1203). Vegetasjonen dominerast av blåbærskog (A4a), dels også småbregneskog (A5a), med røsslyng-blokkebærskog (A3c) i tørrare parti. Furu og bjørk er dominante treslag, med innslag av bøk, hassel, hegg, gråor, osp, rogn og selje. Daud ved finst spreidd, likevel med mykje vindfall av nyare dato.

Artsmangfold: Typiske karplantar for vekselfuktig, gammal kystfuruskog er bjønnkam, blåknapp, einstape, heistorr, jonsokkoll, jordnøtt, kvitsymre, lækjeveronika, markjordbær, skogburkne, skogfiol, skogstjerne, smørtelg, storfrytle, tiriltunge og vivendel. Lungeneversamfunnet er fråverande, med unntak av litt lungenever på eit seljetre. På furu veks gubbeskjegg (NT) svært sparsamt.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har området vore beita, men den bruken er det slutt på i dag. Hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei dynamisk utvikling som gammal naturskog, t.d. utan nyare hogstinningsgrep.

Framande artar: Gran finst sparsamt, medan platanlønn vandrar inn på fuktmark frå aust. Ved stranda vart det funn sju unge bøketre.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog. At lokaliteten har intakt, urørt strandline er også eit pluss.



Figur 26. Frå Murvika. Dei brune blada til venstre i blåbærskogen er eit lite bøketre.

1529094 Slettebakken: Trongdalen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	20.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 20.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Reiakvam ved Brusdalsvatnet, rett nordaust for Slettebakktjønna. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, mest med utforminga F0802 gammal furuskog og eit lite innslag av fuktig furu-hasselskog (F1203). Vanlegaste vegetasjonstype er blåbærskog (A4a), med mykje småbregneskog (A5a), på oppstikkande ryggar røsslyng-blokkebærskog (A3c), sjeldan også oseanisk lågurtskog (B1b). Furu dominerer i tresjiktet, oftast med middels grove dimensjonar, men i øvre delen er tverrmål på opp mot 60 cm vanleg, heilt i nordaust også 70-80 cm, og 110 cm vart målt. Elles er det innslag av alm (NT), barlind (VU, sjeldan), bjørk, hassel, hegg, gråor, hegg, morell, osp, rogn og selje (sjeldan). Både liggande og stående daud ved er spreidd, men utbreidd, utan at det er snakk om kontinuitet for dette elementet, flekkvis med grove dimensjonar.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast enghumleblom, hengjeaks, jonsokkoll, jordnøtt, krattlodnegras, kranskonvall, kusymre, kristtorn, lækjeveronika, markjordbær, myske, sanikkel, skogburkne, skognelle, skogfiol, skogsvinerot, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg, tågebær og vivendel. Gubbeskjegg (NT) veks sparsamt på gammal furu. På lauvtre veks både grynfiltlav, kystfiltlav, lungenever og vanleg blåfiltlav, men lungeneversamfunnet er ikkje godt utvikla. Her er også leveområde for kvitryggspett og storfugl, som begge vart observerte under feltarbeidet.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg særleg i den øvre delen.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, og i vest ser ein også platanlønn som kjem inn på fuktmark.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med dels grove dimensjonar og innslag av ein sjeldan type som oseanisk lågurtfuruskog.



Figur 27. Grov furuskog ved Trongdalen, med kristtorn til venstre.

1529095 Solnør: Dragsundet

Nummer i Naturbase: BN00021683

Lokaliteten er intakt, men feltarbeid vart ikkje prioritert i 2011. i Naturbase finn ein følgjande omtale (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?iid=BN00021683>):

Generelt: Straumen ligg ved sida av Solnørvika, og er eit trøngt sund som fører frå Solnørvika til Skodjevika. Her finst på austsida smale strandenger, og stadvis soneringar opp til lite saltpåverka vegetasjon, stor sett ganske påverka av steinfyllingar tett inntil.

Vegetasjon: Vegetasjonen på havstrand er delvis saltsivenger, delvis havstorrang, delvis driftvollsfunn og bakre enger.

Kulturpåverknad: Europavegen går inntil og har fyllingar dels ut i strandengene, fiskebryggje med tilkomstveg, næringsbygg inntil. Sjølve Straumen er ein utsprengt kanal.

Artsfunn: I 2002 vart det funne gulfrøstjerne, som er ei regionalt uvanleg plante, dessutan havstorr, strandstjerne og strandkjeks.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør unngå ytterlegare inngrep.

1529096 Solnørdalen: Solnør gard

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D13 Parklandskap
Utforming:	D1302 Park
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	25.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skriven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 25.06.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved utlaupet av Solnørelva, og er avgrensa både rundt elva og inn til hovudbygningane på den gamle embetsmannsgarden. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseansk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D13 parklandskap, med utforminga D1302 park, men her er også D1303 alle. I eit skjøtta parklandskap som dette er det ikkje lagt vekt på å finne opp vegetasjonstypar.

Artsmangfold: Mest interessant er treslagsamansettinga, med ei kantsone med store, gamle bøketre langs det nedste partiet i elva, og vidare ein alle sørover mot det som i dag er golfbane – her med gammal ask (NT) og eik, dessutan ein stor, gammal hagtornhekk. På gardstunet er det fleire store tre av ask, alm (NT), eik, hestekastanje, lin, osp og selje. På hagtornen veks lungenever i mengder, medan ein på bok finn både filthinnelav, grynvrente, lungenever, skrubbenever og sølvnever.

Bruk, tilstand og påverknad: Landskapet har vore skjøtta som park/hage i meir enn 200 år.

Framande artar: Det ligg i sakens natur at fleire av tresлага er innførte.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området medvite skjøttast som parklandskap også i framtida.

Del av heilskapleg landskap:

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er ei sjeldan god utforming av ein naturtype som er lite utbreidd på Sunnmøre, velhevd og med mange gamle tre som samla sett også burde ha eit potensial for funn av raudlista sopp eller lav.

1529097 Solnørdalen: Solnørelva og Engjavatnet

Nummer i Naturbase:	BN00021679
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	E06 Viktig bekdedrag
Utforming:	E0601 Meandrerande parti med naturleg kantsone, E0604 Viktig gytebekk
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	01.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 01.07.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sentralt i nedre del av Solnørdalen, og er avgrensa langs elva fra Ørskog kommune og eit stykke ned forbi Engjavatnet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til E06 viktig bekdedrag, med utformingane E0601 (meandrerande parti med naturleg kantsone) og E0604 (viktig gytebekk). Vegetasjonen i Engjavatnet har både flyteblad- og langskotvegetasjon (P1a, P2b og P2c), m.a. med bukkeblad, elvesnelle, flaskestorr, kvit nykkerose, myrhatt, skogrørkvein, tusenblad og vanleg tjønnaks. I elvestrenget er det m.a. krypsiv-vegetasjon (P3).

Artsmangfold: Mest interessant i området er ein god førekommst av raudlistearten elvemusling (VU). Av augestikkjarar er det funne 13 artar, som gjer Engjavatnet til det beste vatnet på Sunnmøre for denne artsgruppa til no. Følgjande artar er registrerte: brun augestikkjar *Aeshna grandis*, fireflekklibelle *Libellula quadrimaculata*, fjellaugestikkjar *Aeshna caerulea*, kongeaugestikkjar *Cordulegaster boltoni* (eitt av tre funn på Sunnmøre), lita torvlibelle *Leucorrhinia dubia*, raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, smaragdaugestikkjar *Cordulia aenea*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*, vanleg augestikkjar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, vanleg metallaugestikkjar *Somatochlora metallica* og vanleg metallvassnymfe *Lestes sponsa*. Lokaliteten er og noko nytta av våtmarksfugl som hekke- og næringsområde (brunnakke, gråhegre, krikkand, kvinand, laksand, siland og stokkand). Her er også gyteområde for laks og sjøaure.

Bruk, tilstand og påverknad: Det har vore beita inntil elva, særleg i øvste delen, men i dag er det om lag slutt på denne bruken. I dette området er det også planta litt gran.

Framande artar: Ingen i samband med ferskvassmiljøet.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, forureining eller nedslamming. Vassdraget vart elles varig verna i 1993.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer eit viktig landskapselement som bind saman ulike naturmiljø frå ferskvatna inne på fjellet og heilt ut til ålegrasengene i Solnørvika.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi lokaliteten er ei velutvikla meandrerande elv (ein regionalt sjeldan naturtype) og hyser bestandar av ein krevjande raudlisteart med få og sårbare førekommstar i fylket.



Figur 28. Krypsiv i Solnørelva.

1529116 Solnørdalen: Furlørørene

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovednaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	01.07.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 01.07.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i nedre del av Solnørdalen, mellom vegen og Furlielva. Berggrunnen består av ikke inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, mest med utfominga F0802 gammal furuskog. Vanlegaste vegetasjonstype er blåbærskog (A4a) og småbregneskog (A5a), dessutan røsslyng-blokkebærskog (A3c). Furu dominerer i tresjiktet, ofta med middels grove dimensjonar, gjerne med tverrmål opp mot 40 cm, sjeldan 50-60 cm. Elles er det innslag av bjørk, hassel, hegg, gråor, hegg, osp, rogn og selje (sjeldan). Både liggande og ståande daud ved finst spreidd, men lite vanleg, helst er det vindfall av nyare dato.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast hengjeaks, heistorr, krattlodnegras, korallrot, lækjeveronika, markjordbær, myske, skogburkne, skogsnelle, skogfiol, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg, tågebær og vivendel. Det vart ikke funne interessante lav eller mosar.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, og i vest ser ein også platanlønn som kjem inn på fuktmark.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilsakapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein liten og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi den har eit etter måten lite areal med intakt og halvgammal furuskog, som førebels ikkje er godt nok utvikla eller artsrik nok til å få høgre verdi.

1529117 Solnørdalen: Sætrefjellet

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	09.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiring: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 09.06.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Apalviksetra og Skodjestølen, på kommunegrensa mot Ørskog. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sør- til mellomboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, mest med utfominga F0802 gammal furuskog. Vanlege vegetasjonstypar er blåbærskog (A4a) og småbregneskog (A5a), på oppstikkande ryggar gjerne røsslyng-blokkebærskog (A3c) og i søkk myrlendt skog dels grasdominert fattigskog av utfominga A7c (blåtopputforming) og fattige jordvassmyrar. Furu dominerer i tresjiktet, oftast med middels grove dimensjonar, men i øvre delen er tverrmål på opp mot 60-70 cm vanleg. Elles er det innslag av barlind (VU, ganske talrik), bjørk, hassel, hegg, gråor, hegg, osp, rogn og selje. Både liggande og ståande daud ved er spreidd, men utbreidd, utan at det er snakk om kontinuitet for dette elementet, flekkvis med grove dimensjonar.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bjønnkam, hengjeaks, krattlodnegras, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, myske, sanikkel, skogburkne, skognelle, skogfiol, smørteig, storfrytle, sumphaukeskjegg og tågebær. Gubbeskjegg (NT) veks frekvent på gammal furu. Her er også leveområde for kvitryggspett og storfugl, som begge vart observerte under feltarbeidet.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utstrakt utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg særleg i den øvre delen.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilsakapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med dels grove dimensjonar og gode bestandar av ein sårbar raudlisteart som barlind.



Figur 29. Frå øvre del av Sætrefjellet, med Engesetvatnet i bakgrunnen.

1529098 Solnørdalen: Sætrelia

Nummer i Naturbase:	BN00021674
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	09.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiting: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 09.06.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005). Avgrensinga er sterkt redusert sidan siste kartlegging, då det viser seg at den sørlege delen av teigen (tidlegare kalla Ospehaugen) er eit tidlegare kulturlandskap som i dag er i sterk attgroing med m.a. platanlønn og grantre. I den delen veks det meir enn 150 barlinder, men det er ikkje råd å knyte førekomensten opp mot ein prioritert naturtype.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Apalvikstølen, på kommunegrensa mot Ørskog. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sør- til mellomboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, mest med utforminga F0802 gammal furuskog. Vanlege vegetasjonstypar er blåbærskog (A4a) og

småbregneskog (A5a), på oppstikkande ryggar gjerne røsslyng-blokkebærskog (A3c). Furu dominerer i tresjiktet, oftest med grove dimensjonar, og i øvre delen er høgreiste tre med tverrmål på opp mot 60 cm vanleg. Elles er det innslag av barlind (VU), bjørk, hassel, hegg, gråor, hegg, osp, rogn og selje. Både liggande og ståande daud ved er spreidd, mest gadd, utan at det er snakk om kontinuitet for dette elementet, flekkvis med grove dimensjonar.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bjønnkam, furuvintergrøn, hengjeaks, krattlodnegras, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, myske, sanikkel, skogburkne, skogfiol, smørtelg, storfrytle og tågebær. Gubbeskjegg (NT) veks sparsamt på gammal furu. Her er også leveområde for kvitryggspekk og storfugl, som begge vart observerte under feltarbeidet.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utstrakt utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit urørt preg særleg i den øvre delen.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, og det er samstundes ei massiv innvandring av platanlønn i utkanten av lokaliteten, langs traktorvegane.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med dels grove dimensjonar.



Figur 30. Frå øvre del av Sætrelia, som har nokså høgreist og homogen furuskog.

1529099 Stavset: Stavsetfjellet

Nummer i Naturbase:	BN00021666
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utföring:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.06.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 08.06.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest for Stavset, i ein nordskrent ut mot Grytafjorden. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vanlege vegetasjonstypar er blåbærskog (A4a) og småbregneskog (A5a), på oppstikkande ryggar gjerne røsslyng-blokkebærskog (A3c) og dessutan små flater med fattigmyr oppe på platået. Furu og bjørk dominerer i tresjiktet, oftast med middels grove dimensjonar. Elles er det innslag av hassel, hegg, gråor, hegg, osp, rogn og selje. Både liggande og ståande daud ved er spreidd, mest gadd, utan at det er snakk om kontinuitet for dette elementet, flekkvis med middels grove dimensjonar. Nyare vindfall er vanleg.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast bjønnkam, bjønnskjegg, blokkebær, blåknapp, blåtopp, fagerperikum, flekkmarihand, heiblåfjør, heistorr, knerot, knegas, kranskonvall, liljekonvall, linnea, ragtalg (DD), sanikkel, skogfiol, storfrytle, sumphaukeskjegg og vivendel. Gubbeskjegg (NT) veks sparsamt på gammal furu. Lungeneversamfunnet er svakt utvikla, med artar som kystfiltlav, kystvrenge, lungenever, skrubbenever, stiftfiltlav og vanleg blåfiltlav. Her er også leveområde for havørn, kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.

1529100 Storfjorden: Bruna

Nummer i Naturbase:	BN00021656
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utföring:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	26.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 26.05.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Heggebakk på Oksenøya, eit par km aust for kommunegrensa mot Ålesund. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utföringar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, med utföringa F0103 rikt hasselkratt. Vegetasjonen er både av røsslyng-blokkebærttype (A3c), blåbærttype (A4a) og småbregnetype (A5a), men har også eit bra areal med oseanisk lågurtskog av lågland-utföring (B1b). Bjørk og hassel er viktigaste treslag, med innslag av alm (NT), ask (NT), barlind (VU), furu, gråor, hassel, hegg, morell, osp, rogn og selje.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast breiflangre, enghumleblom, fuglereir (NT), furuvintergrøn, jordnøtt, kranskonvall, krossved, myske, myskegras, ramslauk, skogsvinerot og skogsvingel (utpostlokalitet). Lungeneversamfunnet er godt utvikla, med artar som blyhinnelav, filthinnelav, flishinnelav, grynfiltlav, kystfiltlav, kystnever, kystvrente, lungenever, muslinglav, skrubbenever, skrukkelav, sølvnever og vanleg blåfiltlav. På hassel veks både gul pærelav (NT) og hasselrurlav (NT). Interessante soppar er svartnande trompetsopp (NT), svart trompetsopp, halmgul køllesopp (VU), hasselskrubb, grå trompetsopp, gullkremle, marsipankremle, stor sopplukke og stor klubbesopp. Potensielt bør her finnast fleire raudlista soppar.

Bruk, tilstand og påverknad: Truleg har her vore noko beita i hasselkratta tidlegare. Elles er det ingen nyare spor etter negativ kulturpåverknad.

Framande artar: Gran (sjeldan).

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og intakt del av dei store og samanhengande naturskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er artsrik, intakt og har eit bra tal av raudlisteartar, dessutan også innslag av lågurtskog av lågland-utföring.



Figur 31. Bruna, kor ei ser bjørk og osp, og ikkje hasselen i busksjiktet. I bakgrunnen til høgre ligg Sjøholt.

1529101 Storfjorden: Heggebakkia

Nummer i Naturbase:	BN00021693
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	26.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 26.05.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Heggebakk på Oksenøya, eit par km aust for kommunegrensa mot Ålesund. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite krevfulle artar. Området ligg i klart oseansk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, mest med utforminga F0802 gammal furuskog og eit lite, utarma innslag av fuktig furu-hasselkog i den sørvestre delen (F1203). Vanlege vegetasjonstypar er blåbærskog (A4a) og småbregneskog (A5a), på oppstikkande ryggar også røsslyng-blokkebærskog (A3c). Furu dominerer i tresjiktet, oftaast med grove dimensjonar, og tre med tverrmål på 60-80 cm er vanleg (110 cm vart målt). Elles er det innslag av alm (NT), barlind (VU, talrik), bjørk, hassel, hegg, gråor, hegg, osp, rogn og selje. Både liggande og ståande daud ved er vanleg og utbreidd, med begynnande kontinuitet for dette elementet, flekkvis også med grove til svært grove dimensjonar (120 og 135 cm vart målt, utan bark).

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast breiflangre, fjelltistel (i rikt sig), fuglereir (NT), jordnøtt, myske, krossved, ramslauk, sanikkel, lundgrønak, skogfredlaus, smørtelg og sumphaukeskjegg. Gubbeskjegg (NT) veks vanleg på gammal furu. På lauvtre veks både grynfiltlav, kystfiltlav, lungenever og vanleg blåfiltlav, men lungeneversamfunnet er ikkje godt utvikla. Her er også del av leveområde for dvergspett, gråspett, hønsehauk (NT), kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit urørt preg særleg i den øvre og austre delen.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, og i sørvest ser ein også platanlønn som kjem inn på fuktmark langs skogsvegen.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilsakapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei store og samanhengande kystfuruskogene som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med dels svært grove dimensjonar. Det understrekast at dette er mellom dei mest urskognære furuskogene på Sunnmøre og vidare sørover på Vestlandet.



Figur 32. Gammal låg i Heggebakklia, med ein dimensjon ein svært sjeldan ser nokon stad i kystfuruskog. Tverrmålet vart målt til 125 cm.



Figur 33. Gammal gadd i Heggebakklia, med ein dimensjon ein svært sjeldan ser nokon stad i kystfuruskog. Tverrmålet vart målt til 135 cm, utan bork!

1529102 Storfjorden: Rognevika

Nummer i Naturbase:	BN00021695
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utfoming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	26.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 26.05.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Heggebakk på Oksenøya, eit par km aust for kommunegrensa mot Ålesund. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, med utfominga F0103 rikt hasselkratt, og dessutan mindre innslag av svartor-strandskog (F0602). Vegetasjonen er både av blåbærtyp (A4a) og småbregnetyper (A5a), men har også litt areal med oseanisk lågurtskog av lågland-utfoming (B1b). Bjørk og hassel er viktigaste treslag, dels også svartor, med innslag av alm (NT), furu, gråor, hegg, morell, osp, rogn og selje.

Artsmangfold: Av karplanter kan ramslauk, sanikkel, breiflangre, jordnøtt, kransmynte, krossved, myske, skogbjønnbær og skogfredlaus, dessutan ein regionalt sjeldan art som gul frøstjerne i samband med svartor-strandskog. Lungeneversamfunnet er ikkje godt utvikla, men både lungenever og skrubbenever er påviste. Potensielt bør her finnast raudlista soppar bundne til rikt hasselkratt.

Bruk, tilstand og påverknad: Truleg har her vore mykje beita i hasselkratta tidlegare. Elles er det ingen nyare spor etter negativ kulturmålpåverknad.

Framande artar: Gran (sjeldan) og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein liten og intakt del av dei store og samanhengande naturskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er etter måten artsrik, intakt og har mindre areal med oseanisk lågurtskog og svartor-strandskog, som er sjeldne typar på Sunnmøre.

1529103 Storfjorden: Smågjæra

Nummer i Naturbase:	BN00021694
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utföring:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	20.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 26.05.2011 og litteraturkjelder (Jordal & Holtan 2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Heggebakk på Oksenøya, like aust for kommunegrensa mot Ålesund. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, mest med utforminga F0802 gammal furuskog og eit lite, utarma innslag av fuktig furu-hasselskog i den nedre delen (F1203), dessutan mindre areal med gråor-almeskog (F0106). Vanlegaste vegetasjonstype er blåbærskog (A4a), med mykje småbregneskog (A5a), på oppstikkande ryggar også røsslyng-blokkebærskog (A3c). Flekkvis er det også snakk om mindre felt med høgstaude-storbregneskog. Furu dominerer i tresjiktet, oftast med grove dimensjonar, og fleire metertjukke tre vart målt. Elles er det innslag av alm (NT), barlind (VU), bjørk, hassel, hegg, gråor, hegg, morell, osp, rogn og selje (sjeldan). Også for alm, barlind, bjørk og osp er det ofte grove dimensjonar. Både liggande og ståande daud ved er spreidd, men utbreidd, med begynnande kontinuitet for dette elementet, flekkvis også med grove dimensjonar. Ein gammal, hol gadd av barlind vart vidare målt til 70 cm i tverrmål, og var om lag 6 m høg.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast jordnøtt, myske, sanikkel, trollbær, breiflangre, furuvintergrøn, olavsstake, ramslauk, skogfredlaus, tannrot, trollbær, trollurt og taggbregne. Gubbeskjegg (NT) veks vanleg på gammal furu. På lauvtre veks både grynfiltlav, kystfiltlav, kystnever, lungenever, skorpefiltlav (NT), skrubbenever, sølvnever og vanleg blåfiltlav, og lungeneversamfunnet er flekkvis godt utvikla. På bjørk finn ein kystdoggnål (NT). Interessante soppar er narrepiggssopp (NT) og muleg taigakjuke (VU), og typiske gammalskogsartar som furustokkjuke og gulrandkjuke er begge funne på furu. Her er også del av leveområde for dvergspett, grønspett, gråspett, hønsehauk, kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, generelt med eit urørt preg.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, og i aust ser ein også platanlønn som kjem inn på fuktmark.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilsakleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med dels svært grove dimensjonar. Det understrekast at dette er mellom dei mest urskognære furuskogane på Sunnmøre og vidare sørover på Vestlandet.



Figur 34. Gadd av barlind frå Smågjæra, med ein dimensjon ein svært sjeldan eller aldri ser. Gadden/høgstubben er 6 m høg og 70 cm i tverrmål.



Figur 35. Gammal furuskog med barlind frå Smågjæra. I bakgrunnen ser ein Sykkylvsfjorden.

1529104 Straumsdalen: Nord for naturreservatet

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleining: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 22.05 og 07.09.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nord- og vestsida av Straumsdalen naturreservat, om lag ein km nord for Grindvika. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, mest med utforminga F0802 gammal furuskog, eit lite innslag av fuktig furu-hasselskog (F1203) og mindre areal med gråor-heggeskog (F0502). Vanlege vegetasjonstypar er blåbærskog (A4a) og småbregneskog (A5a), på oppstikkande ryggar også røsslyng-blokkebærskog (A3c). Furu dominerer i tresjiktet, oftast med middels grove til grove dimensjonar, og høgreiste tre med tverrmål på kring 60 cm er vanleg. Elles er her innslag av alm (NT), barlind (VU, kring 50 tre eller buskar), bjørk, hassel, hegg, gråor, hegg, osp, rogn og selje. Både liggande og ståande daud ved er svært utbreidd og vanleg, med begynnande kontinuitet for dette elementet, flekkvis med grove dimensjonar. Her er også store mengder med vindfall etter nyttårsorkanen i 1992.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast enghumleblom, hengjeaks, jonsokkoll, jordnøtt, krattlodnegras, kranskonvall, kusymre, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, myske, sanikkel, skogburkne, skognnelle, skogfiol, skogfredlaus, skogsvinerot, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg, tågebær og vivendel. Gubbeskjegg (NT) veks sparsamt på gammal furu. På lauvtre og berg veks både grynfiltlav, kystfiltlav, lungenever, skrubbeneser og vanleg blåfiltlav, men lungeneversamfunnet er ikkje godt utvikla. Både gul pærelav (NT) og sølvpærelav er funne på hassel. Av soppar vart det funne sienamusserong (EN) og svartnande trompetsopp (NT). Imperfektsoppen *Capnobotrys dingleyae* veks på gammal barlind, og er i Norge berre funnen på barlind på Vestlandet. Potensielt burde her finnast langt fleire raudlista soppar. Her er dessutan del av leveområde for dvergspett, kvitryggspett, hønsehauk (NT) og storfugl, som alle vart observerte under feltarbeidet.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, generelt med eit urørt preg. Det er elles store beiteskader på barlind (hjort).

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, og i sør og vest ser ein også platanlønn som kjem inn på fuktmark.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilsakapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med dels grove dimensjonar og har fleire raudleisteartar i høgare kategori. Den relativt betydelege barlindbestanden leggast også vekt på ved denne vurderinga.



Figur 36. Gammal furuskog med barlind i Straumsdalen. I bakgrunnen skimtar ein dei to Skodjebruene.



Figur 37. Sienamusserong (EN) har sitt nasjonale tyngdepunkt kring Storfjorden på Sunnmøre, og er bunden til litt tørr, gammal og oftest rik furuskog.

1529105 Straumsdalen: Sør for naturreservatet

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	23.05.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiding: Omtalen er skiven av Dag Holtan i mars 2012, basert på eige feltarbeid 23.05.2011.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av Straumsdalen naturreservat, om lag ein km nord for Grindvika. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone (O2) og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, mest med utforminga F0802 gammal furuskog. Vanlege vegetasjonstypar er blåbærskog (A4a) og småbregneskog (A5a), på oppstikkande ryggar også røsslyng-blokkebærskog (A3c). Furu er dominerande treslag, gjerne med middels grove dimensjonar (tverrmål på 40-60 cm er vanleg). Andre treslag er barlind (VU, eitt tre), bjørk, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Gadd og læger finst berre spreidd.

Artsmangfold: Av karplanter kan nemnast enghumleblom, hengjeaks, maiblom, markjordbær, myske, skogburkne, skogfiol, skogstorkenebb, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg og teiebær.

Lungeneversamfunnet er dårleg utvikla, med spreidde funn av grynfiltlav, kystfiltlav og lungenever på ulike lauvtre, medan gubbeskjegg (NT) veks noko spreidd på gamle furutre.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utmarksbeite, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinntrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit nokså urørt preg.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasjar, og også platanlønn er på veg inn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande kystfuruskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog.

1529106 Svartløkvatnet: Storlia

Nummer i Naturbase: BN00021657

Lokaliteten var berre observert med kikkert i juni 2011, og ser ut til å vere intakt, slik at vidare feltarbeid ikkje vart prioritert. I Naturbase ligg denne omtalen (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?id=BN00021657>):

Generelt: Lokaliteten består av ei skogkledd liside med lauv- og furuskog. I tillegg veks det her spreidde klynger med gamle barlinder, og området utgjer ein av dei nordlegaste førekostane i landet av arten.

Vegetasjon: Skogen har mykje bjørk, vidare innslag av noko furu, osp, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Området er lite påverka av nyere inngrep som flatehogst og granplantefelt, men det er i 2001 bygd veg mot Frostadsetra i Vestnes.

Artsfunn: Barlind (VU) er ein særprega art i lokaliteten med om lag 10 individ. Det er også sparsamt med alm(NT), sjølv om mange er daude eller sterkt skadd av hjortebete. Det vart elles funne tannrot. Einskilde kryptogamar og fuglearter typiske for gammelskog førekjem, m.a. kystdoggnål Sclerophora peronella (NT).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein barlindlokalitet som ikkje er av dei mest individrike i kommunen. Skodje er eit kjerneområde for arten.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør skjerma barlindlokalitetane for fysiske inngrep, hogst og treslagskifte.

1529107 Svartløkvatnet: Vestenden

Nummer i Naturbase: BN00021662

Lokaliteten var berre observert med kikkert i juni 2011, og ser ut til å vere intakt, slik at vidare feltarbeid ikkje vart prioritert. I Naturbase ligg denne omtalen (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?id=BN00021662>):

Generelt: Svartløkvatnet utgjer ein del av eit større våtmarkssystem som dels ligg i Ørskog, dels i Skodje. Vatnet er nokså næringsfattig. Lokaliteten er eit stort myr-, sump- og gruntvannsområde i sørvestenden av Svartløkvatnet. Her blir omtala den delen som ligg i Skodje, lokaliteten fortsett inn i Ørskog kommune. Området har viltfunksjon og botanisk verdi. Store bakkemyrar og flatmyrar dominerer landskapet i tillegg til bjørkeskog og furusumpskog. Område er viktig som hekkeplass og næringsområde for mange våtmarksfuglar, deriblant fleire som er regionalt sjeldne.

Vegetasjon: Myrområda er stort sett fattige, men også med innslag av rikmyr, særleg under kraftlinja (LQ 880, 356-358).

Kulturpåverknad: Tidlegare seterdrift inntil lokaliteten. Sumpskogen (furu) er hogd heilt ned til vatnet og det er planta gran (LQ 883 358). Området er mykje nytta til utfart vinterstid, og har fleire hytter.

Artsfunn: Mest interessant floristisk sett er førekomenst av engmarihand (ikkje attfunnen i 2002), breiull og blystorr i område inntil vatnet. Andre rikmyrsartar er bjønnbrodd, dvergjamne, fjelltistel, gulstorr, jåblom, loppestorr, myrsaulauk og svarttopp. Ei rad vassfuglar har tilhald i våtmarka her oppe. Den raudlista tranen blei sett i hekketida frå 1995, men ikkje etter 2000. Den raudlista storlomen har truleg gått ut som hekcefugl. Songsvana hadde tilhald her nokre somrar tidleg på 1990-talet. Av andefuglar hekkar fleire artar grasender, og det same gjeld for toppand (sporadisk), kvinand og siland. Gluttsnipa hekka her i åra 1989-1996, men ho ser ut til å vere forsvunnen (dette var den einaste hekkepassen som var kjend på Sunnmøre), medan enkeltbekkasin, raudstilk og strandsnipe framleis finst. Elles er her mange sporvefuglar, og til saman hekkar det 30-40 artar i området.

Verdsetting: Området har både botaniske verdiar og viltfunksjon. Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av det er eit større myrområde med velutvikla rikmyr og regionalt sjeldne planteartar. I tillegg har lokaliteten viltfunksjon for dels raudlista artar. Samletema biologisk mangfald får da også utan tvil verdi A. Lokaliteten utgjer ein sentral del av eit av dei største og viktigaste høgareliggjande myr- og våtmarksområda på Sunnmøre.

Omsyn/skjøtsel: Fuglelivet er sårbart for forstyrring og fysiske inngrep i gruntvass- og myrområda. Sumpområda bør ein vurdera å restaurera og fjerna granplantene.

1529108 Svorta: Lomstjønna

Nummer i Naturbase: BN00021680

Lokaliteten er no sprengt bort grunna nytt vegkryss, og så slik ut i Naturbase:

Generelt: Vegetasjonsrik tjønn med rikt dyreliv.

Vegetasjon: Flyteblad og vassengvegetasjon, noko torvmose (*Sphagnum*) i kantane.

Kulturpåverknad: Liten, men ei kraftline går over delar av området.

Artsfunn: Ein del vanlege augestikkjarar, frosk og padde. Hekkeområde for grasender.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at her er registrert paddebestand, men lokaliteten tilfredsstiller truleg ikkje kriteria for verdi B.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør unngå tekniske inngrep og forureining.

1529109 Svorta: Svortavikbekken

Nummer i Naturbase: BN00021681

Nedre del av lokaliteten er nedslamma, bekken er retta ut og nytt elvelaup er sprengt. I Naturbase såg lokaliteten slik ut:

Generelt: Svortavikbekken renn frå Svortavatnet, ned til Svortaviktjønna, og vidare derifrå ned til sjøen. Det avgrensa området går ned til demninga ved utløpet av Svortaviktjønna. Tjønna er rik på vassvegetasjon, og myra rundt ho er skikkeleg blaut og gyngande. Avgrensinga følgjer kantvegetasjonen etter berghamrane og myra i samband med tjønna, og etter bekken bør det vere ei buffersone som er minst 10 m brei heilt opp til Svortavatnet. Buffersoner etter elver og bekkedrag tener m.a. som filter i høve til avrenninga frå omgjevnaden, og i dette tilfellet gjeld det særleg frå europavegen.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon (storrenger), noko torvmose (*Sphagnum*) i kantane. Langs bekken er det skog på nordsida av vegen til terrenget opnar seg ved Svortaviktjønna, fattigmyr og skog på hi sida mot Svortavatnet.

Kulturpåverknad: Anleggsarbeid vart utført på Europavegen (i 1995), det er uklårt om dette har hatt nokon innverknad på det biologiske mangfaldet i elva, då rundt 100 meter av bekken vart kanalisiert.

Artsfunn: I Svortavikbekken finst raudlisteartane kongeaugestikkar (R) og elvemusling (V). Av elvemusling vart det i 2002 funne 5-6 individ mellom Svortaviktjønna og Europavegen. Kongeaugestikkaren held seg helst nedstrøms Europavegen, men eit fåtal vert av og til sett på hi sida framover mot Svortavatnet. Elles er det også her funne 12 augestikkarartar til no, og til liks med dei andre omtala områda, burde her vere potensial for fleire. Registrerte artar: brun augestikkar *Aeshna grandis*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, kongeaugestikkar *Cordulegaster boltoni*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, vanleg metallvassnymfe *Lestes sponsa*, lita torvlibelle *Leucorrhinia dubia*, fireflekklibelle *Libellula quadrimaculata*, raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, myrmetallaugestikkar *Somatochlora arctica*, vanleg metallaugestikkar *Somatochlora metallica*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*. Elles finst frosk og padde. Også småaure og stingsild. Av vassplanter er det notert kysttjønnaks, krypsiv, bukkeblad, grøftesoleie, sumphaukeskjegg, engstorr, elvesnelle og flaskestorr. I Svortaviktjønna fanst flaskestorr, kvit nøkkerose, torvull, duskull, myrmaure og tusenblad. Det vart funne vårbekksopp på ved i bekken.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit velutvikla viktig bekdedrag med rike augestikkarførekomstar, særleg den raudlista kongeaugestikkaren, og dessutan bestand av eit fåtal levande elvemusling, som står i høgare raudlistekategori (V) og dessutan er freda.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør unngå alle fysiske inngrep i og rundt tjønna. Bekken må takast vare på heilt opp til Svortavatnet, og ein må unngå tiltak i vassdraget som skapar grums i vatnet. Elvemuslingen er freda og må få vera i fred.

Det var elles kartlegging og flytting av elvemusling hausten 2010 i samband med vegarbeidet i bekken.



Figur 38. Svortavikbekken kan skimtast framføre dei nye fyllingane, og heile den nedre delen er no sterkt nedslamma, utretta eller utsprengt (nytt elvelaua). Dette kan ha fått fatale følgjer for somme sjeldne og kravfulle artar. Situasjonen har forverra seg mykje etter at dette bildet vart teke 23.10.2011.

1529112 Utvikfjellet: Regnvatnet og Tremannsvatna

Nummer i Naturbase: BN00021678

Lokaliteten var berre observert med kikkert i juni 2011, og ser ut til å vere intakt, slik at vidare feltarbeid ikkje vart prioritert. I Naturbase ligg denne omtalen (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?id=BN00021678>).

Generelt: Fleire tjønner som ligg saman ved høgste området på Utvikfjellet, inne i lokaliteten Utvikfjellet, som er skildra som eigen lokalitet.

Vegetasjon: Ombrotrof myrvegetasjon, i hovudsak fattig flatmyr. I vatna enger av flaskestorr og noko flytebladvegetasjon.

Kulturpåverknad: Bekken ut frå Tremannsvatna er forsøkt kanalisert og senkt noko i nordaust.

Artsfunn: Levestad for både amfibium (frosk og padde) og augestikkarar (vanleg augestikkar, brun augestikkar, raud vassnymfe, vanleg blåvassnymfe, metallvassnymfe, fireflekklibelle, svart haustlibelle, raudbrun haustlibelle og lita torvlibelle). Ved Tremannsvatna er det registrert botaniske kvalitetar som soleinykkerose *Nuphar pumila* (Korsmo & Svalastog 1997 gav feilaktig opp gul nykkerose), og denne er sjeldsynt på Sunnmøre. Ho veks sparsamt i alle tre vatna. Her er det òg innslag av mellomrik myr med m.a. breiull *Eriphorum latifolium* (Fylkesmannen 1990).


Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein ferskvasslokalitet med m.a. padde og den regionalt sjeldne soleinykkerosa. Lokaliteten tilfredsstiller kanskje ikkje kriteria til B.

Omsyn/skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep. Ein bør leggja på plass att steinane og torvlaget som er fjerna (sjå over) nordaust i Tremannsvatna, då dette inngrepet har ført til lågare vasstand enn kva som er naturleg og ønskeleg.

6

Raudlista

Eit sentralt verktøy for å identifisere og klassifisere viktige område for biologisk mangfald er førekomst av raudlisteartar. Den norske raudlista vert oppdatert med jamne mellomrom av Artsdatabanken. Den siste kom i 2010 (Kålås mfl. 2010) og er basert på kjent kunnskap om ca. 35 000 artar innanfor ulike artsgrupper. 21,8 % av disse artane er ført opp på raudlista (4599 artar). Data om vekstane i tabell 6 er henta frå Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/>) 28.02.2012. For meir detaljerte data om dei einskilde funna visast det til lenka nemnt over. Ein har søkt å utelate dei mange dobbeltoppføringane som ligg i databasen, og når det gjeld barlind er berre lokaliteten nemnt, ikkje alle delfunna. Alm, ask og gubbeskjegg er klart underrepresenterte.



Figur 39. Grov fordeling av raudlista vekstar i Skodje etter <http://artskart.artsdatabanken.no/> 28.02.2012.

Tabell 6. Utskrift frå artskartet til Artsdatabanken over raudlista vekstar og elvemusling i Skodje. RL tyder raudlistekategori. Raudlistekategoriar: NT= nær trua, VU= sårbar, EN= sterkt trua, CR= kritisk trua og DD= dårlig datagrunnlag. For ein grundigare gjennomgang av raudlista og kategoriar visast det til Kålås mfl. (2010).

Norsk namn	Vitskapleg namn	Finnar	År	Lokalitet	RL
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Anders Breili	2006	glomsetmarka	NT
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Breili, Anders	2006	markadelta	NT
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Anders Breili	2006	mereftafjellet, ø for	NT
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Anders Breili	2005	heggbakksætra, ovenfor	NT
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Anders Breili	2004	skinstadreset	NT
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Anders Breili	2004	litletjørnet, v for	NT
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Anders Breili	2004	honningdalselva	NT
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Holtan, D.	1999	honningsdalselva	NT
	<i>Antrodia sichensis</i>	Gaarder, Geir (936)	1996	glomsetmarka	EN
Solblom	<i>Arnica montana</i>	Jordal, John Bjarne	2002	opskar	VU
Solblom	<i>Arnica montana</i>	Jordal, John Bjarne	2002	nes	VU
Solblom	<i>Arnica montana</i>	Frøland, Tore	2001	v. fremmerli,	VU

Solblom	<i>Arnica montana</i>	Holtan, Dag	1998	skodje; storsætra	VU
Solblom	<i>Arnica montana</i>	Tore Ouren	1987	ørskog, brusdal.	VU
	<i>Arthonia stellaris</i>	Gaarder, G.	1997	ljasusnakken (ørnakken)	VU
Lurvesøtpigg	<i>Bankera fuligineoalba</i>	Carlsen, Berit	2006	enden av brudsalsvannet,	NT
Lurvesøtpigg	<i>Bankera fuligineoalba</i>	Larsen, Perry	2005	skodje, fylling	NT
Lurvesøtpigg	<i>Bankera fuligineoalba</i>	Larsen, Perry	2005	skodje, brudsalsheimen	NT
Lurvesøtpigg	<i>Bankera fuligineoalba</i>	Torkelsen, Anna-Elise	1988	fylling i engesetdalen,	NT
Lurvesøtpigg	<i>Bankera fuligineoalba</i>	Grande, Osvald	1988	fylling i engesetdalen,	NT
Knippesøtpigg	<i>Bankera violascens</i>	Perry G. Larsen	2011	langs vei til skodjestølen	NT
Knippesøtpigg	<i>Bankera violascens</i>	Larsen, Perry	2007	skodje: skodjereitane gran	NT
Knippesøtpigg	<i>Bankera violascens</i>	Larsen, Perry G.	2007	skodje: skodjereitane gran	NT
Knippesøtpigg	<i>Bankera violascens</i>	Holtan, Dag	2005	skodje: sjurslia granplantefelt	NT
Knippesøtpigg	<i>Bankera violascens</i>	Larsen, Perry Gunnar	2001	innvika gran	NT
Gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	Gaarder, Geir; Jordal, J.B.	1995	skodje: fylling: nedreli	NT
Gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	Marstad, Per (26-94)	1994	fylling i engesetdalen beite	NT
Kvithodenål	<i>Chaenotheca gracilenta</i>	Gaarder, G. ; Løfall, B. P.	2003	brudsalsvatnet, sandvika	NT
Kvithodenål	<i>Chaenotheca gracilenta</i>	Gaarder, G.	1997	svortavatnet	NT
Kvithodenål	<i>Chaenotheca gracilenta</i>	Gaarder G	1997	glomsetmarka	NT
Halmgul köllesopp	<i>Clavaria flavipes</i>	Holtan, Dag	2001	sætrevegen	VU
Fiolett greinköllesopp	<i>Clavaria zollingeri</i>	Dag Holtan	2011	fylling: nedreli nedreli på fylling beita	VU
Fiolett greinköllesopp	<i>Clavaria zollingeri</i>	Jordal, J.B., Gaarder, Geir	1997	innmark	VU
Fiolett greinköllesopp	<i>Clavaria zollingeri</i>	Marstad, Per (25-94)	1994	fylling i engesetdalen beite	VU
Fiolett greinköllesopp	<i>Clavaria zollingeri</i>	Sivertsen, S.; Jordal, J.B.	1992	fylling i engesetdalen	VU
Fiolett greinköllesopp	<i>Clavaria zollingeri</i>	Sigmund Sivertsen scr.	1992	fylling	VU
Fiolett greinköllesopp	<i>Clavaria zollingeri</i>	Grande, Osvald	1988	fylling i engsetdalen	VU
Meldråpelav	<i>Cliostomum leporosum</i>	Gaarder, G.	1996	glomset, glomsetmarka	VU
Praktslørsopp	<i>Cortinarius cumatilis</i>	Perry G. Larsen	2009	lia i skodje	NT
Praktslørsopp	<i>Cortinarius cumatilis</i>	Perry G. Larsen	2008	skar, engesetdalen	NT
Praktslørsopp	<i>Cortinarius cumatilis</i>	Larsen, Perry Gunnar	2001	ystehagen, tennfjord gran	NT
Praktslørsopp	<i>Cortinarius cumatilis</i>	Torkelsen, Anna-Elise	1987	engesetdal	NT
Trollslørsopp	<i>Cortinarius norrlandicus</i>	H., M.; L., P.	1992	lia under gran	VU
	<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	Gaarder, Geir; Jordal, J.B.	1997	skodje: fylling: nedreli	NT
	<i>Entoloma caeruleum</i>	Perry G. Larsen	2009	berget skodje	DD
Svartblå raudskivesopp	<i>Entoloma chalybaeum</i>	Larsen, Perry	2002	reiakvam	NT
Svartblå raudskivesopp	<i>Entoloma chalybaeum</i>	Gaarder, Geir; Holtan, D.	1998	fylling: nedreli	NT
Indigoraudskivesopp	<i>Entoloma euchroum</i>	Perry G. Larsen	2008	brusdal	NT
	<i>Entoloma fuscotomentosum</i>	Gaarder, Geir; Jordal, J.B.	1995	skodje: fylling: nedreli	NT
Lillagrå raudskivesopp	<i>Entoloma griseocyaneum</i>	Gaarder, Geir	1998	fylling, nedreli	VU
Semsket raudskivesopp	<i>Entoloma jubatum</i>	Perry G. Larsen	2010	fylling	NT
Semsket raudskivesopp	<i>Entoloma jubatum</i>	Larsen, Perry G.	2006	skodje: solnør bøk	NT
	<i>Entoloma pseudocoelestinum</i>	Gaarder, Geir; Jordal, J.B.	1997	skodje: fylling: nedreli	VU
Oliven raudskivesopp	<i>Entoloma versatilis</i>	Perry G. Larsen	2008	brusdal reiakvam	NT
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	Øystein Folden	2009	dragsundet	NT
Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Holtan, D.	1999	sandvika ved brudsalsvatn	NT
Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Holtan, D.	1999	honningsdalselva	NT

Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Holtan Dag, Gaarder Geir	1998	marka	NT
Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Holtan, Dag	1998	vestre heggebakklia	NT
Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Gaarder, G.	1996	straumsdalen	NT
Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Gaarder, G.	1996	glomsetmarka	NT
Sumpjordtunge	<i>Geoglossum uliginosum</i>	Gaarder, Geir; Jordal, J.B.	1995	fylling, nedreli	EN
Dvergreddiksopp	<i>Hebeloma birrus</i>	Perry G. Larsen	2009	brusdal	NT
Dvergreddiksopp	<i>Hebeloma birrus</i>	Perry G. Larsen	2007	berget, skodje	NT
Gulfotvokssopp	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Gaarder, Geir	1998	fylling, nedreli	NT
Gulfotvokssopp	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Jordal, J.B; Gaarder, Geir	1994	fylling: nedreli beitemark	NT
Gulfotvokssopp	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Marstad, Per (28-94)	1994	fylling i engesetdalen beite	NT
Gulfotvokssopp	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Jordal, J.B; Sivertsen, S.	1992	fylling: nedreli beitemark	NT
Musserongvokssopp	<i>Hygrocybe fornicate</i>	Gaarder, Geir; Jordal, J.B.	1997	skodje: fylling: nedreli	NT
Raudnande lutvokssopp	<i>Hygrocybe ingrata</i>	Gaarder, Geir	1998	fylling, nedreli	VU
Raudnande lutvokssopp	<i>Hygrocybe ingrata</i>	Torkelsen, Anna-Elise	1987	fylling i beitemark	VU
Flammevokssopp	<i>Hygrocybe intermedia</i>	Gaarder, Geir	1998	fylling, nedreli	VU
Flammevokssopp	<i>Hygrocybe intermedia</i>	Marstad, Per (PM-36-94)	1994	fylling i engsetdalen	VU
Flammevokssopp	<i>Hygrocybe intermedia</i>	Marstad, Per (31-94)	1994	fylling, engesetdalen beite nedreli på fylling beita	VU
Lutvokssopp	<i>Hygrocybe nitrata</i>	Jordal, J.B.; Gaarder, Geir	1997	innmark	NT
Lutvokssopp	<i>Hygrocybe nitrata</i>	Larsen, Perry G.	1992	fylling gras, beitemark	NT
Raud honningvokssopp	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Græsdal, Arve	1998	nedreli, engesetdal beitemark	VU
	<i>Hygrocybe subpapillata</i>	Marstad, Per (30-94)	1994	fylling: engesetdalen beite	VU
Mørkskjella vokssopp	<i>Hygrocybe turunda</i>	Larsen, Perry G.	2008	berget	VU
Narrepiggsopp	<i>Kavinia himantia</i>	Holtan, Dag (11/99)	1999	øyedalen, på mosegrødd alm	NT
Kystkantlav	<i>Lecanora cinereofusca</i>	Gaarder, G.	1996	glomsetmarka - ørnakken	EN
Kranshinnelav	<i>Leptogium burgessii</i>	Holtan, Dag	1999	sandvika, brusdalsvatn	VU
Elvemusling	<i>Margaritifera margaritifera</i>	Håkon Gregersen	2009	solnørelva	VU
Elvemusling	<i>Margaritifera margaritifera</i>	Dag Holtan	2010	svortavikbekken	VU
Alvehette	<i>Mycena latifolia</i>	Per Marstad	1994	fylling,engesetdalen	NT
Fuglereir	<i>Neottia nidus-avis</i>	Bjørn Moe	1996	skodje. glomsetskardet.	NT
Svartsølvpigg	<i>Phellodon niger</i>	Larsen, Perry Gunnar	2001	valle barskog med hassel	NT
Skjermkjuke	<i>Polyporus umbellatus</i>	Larsen, Perry G.	1996	valle i ytterkant av granfelt.	VU
Falsk brunskrubb	<i>Porphyrellus porphyrosporus</i>	Holtan, Dag	2002	ørnakken hasselrik furuskog	NT
Grå narremusserong	<i>Porpoloma metapodium</i>	Dag Holtan	2011	fylling: nedreli	EN
Grå narremusserong	<i>Porpoloma metapodium</i>	Gaarder, Geir (1561)	1999	fylling: solli i naturbeitemark	EN
Grå narremusserong	<i>Porpoloma metapodium</i>	Marstad, Per (27-94)	1994	fylling i engesetdalen beite	EN
Grå narremusserong	<i>Porpoloma metapodium</i>	Grande, O.	1988	engsethdalen,fylling beitemark	EN
Grå narremusserong	<i>Porpoloma metapodium</i>	Torkelsen, Anna-Elise	1987	fylling	EN
Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Holtan, D. & Larsen, Perry	2003	skinstadreset naturreservat	NT
Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Holtan, D.	1999	sandvika ved brusdalsvatn	NT
Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Holtan, D.	1999	brøthaugane	NT
Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Holtan, Dag	1998	ørnakken	NT
Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Gaarder, G.	1997	n-facing slope e of solnør	NT
Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Gaarder, G.	1996	straumsdalen	NT
Lumsk korallsopp	<i>Ramaria pallida</i>	Larsen, Perry G.	2007	skodje: håhjem	NT
Gråsvart kremle	<i>Russula albonigra</i>	Perry G. Larsen	2009	reiakovam	NT

Gråsvart kremle	<i>Russula albonigra</i>	Larsen, Perry	2005	solnør, skodje kommune bøk	NT
Gråsvart kremle	<i>Russula albonigra</i>	Holtan, Dag	2002	ørnenakken furu, hassel	NT
Gråsvart kremle	<i>Russula albonigra</i>	Larsen, Corrine	2002	ved brusdal skule	NT
Kokskremle	<i>Russula anthracina</i>	Perry G. Larsen	2009	brusdal	NT
Kokskremle	<i>Russula anthracina</i>	Larsen, Perry	2006	ved gamle skodje bruа,	NT
Kokskremle	<i>Russula anthracina</i>	Larsen, Perry	2006	valle, skodje	NT
Kokskremle	<i>Russula anthracina</i>	Larsen, Perry	2006	skodjereitane	NT
	<i>Russula globispora</i>	Larsen, Perry (65-2002)	2002	honnindalsvågen	DD
Kystdoggnål	<i>Sclerophora peronella</i>	Gaarder, G.	1999	svartløkvatnet	NT
Kystdoggnål	<i>Sclerophora peronella</i>	Gaarder, G.	1998	heggebakksætra,	NT
Taigakjuke	<i>Skeletocutis stellae</i>	Gaarder, Geir; Holtan, D.	1998	heggebakksætra	VU
Flatsaltlav	<i>Stereocaulon coniophyllum</i>	Holtan, D.	1999	honningsdalselva	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	slettebakken, øst for	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	gylet	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	gudmundset	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	engesetfjellet	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	apalviksetra	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	heggebakklia	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	sør for bervikneset	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	sætrefjellet	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	vasshaugen	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	nord for brokdalen	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	vest for haugtua	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	sør for haugtua	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	gudmundsetsetra	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	smågjæra	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2011	straumsdalen	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Perry G. Larsen	2009	heggebakk	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Anders Breili	2006	glomsetmarka n	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Anders Breili	2006	engesetfjellet, sørsida	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Anders Breili	2006	straumsdalen	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Anders Breili	2005	heggbakksætra, ø for	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Anders Breili	2005	heggbakksætra	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Anders Breili	2004	skinstadreset	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Anders Breili	2004	glomsetmarka	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Anders Breili	2003	sætrevegen	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2002	gylet	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2000	sætrelia	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	2000	opskar	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Dag Holtan	1999	storlia	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	A. Skogen, S. Lindmo	1991	skinstadreset nø	VU
Barlind	<i>Taxus baccata</i>	A. Skogen, S. Lindmo	1991	nihusen ovenfor ytraberg.	VU
Hasselurlav	<i>Thelotrema suecicum</i>	Holtan, D.	1999	bruna	NT
Hasselurlav	<i>Thelotrema suecicum</i>	Holtan, D.	1999	skinstadreset	NT
Hasselurlav	<i>Thelotrema suecicum</i>	Gaarder, G.	1998	morkedalen, n-facing slope	NT

Hasselurlav	<i>Thelotrema suecicum</i>	Holtan, Dag	1998	NT
Hasselurlav	<i>Thelotrema suecicum</i>	Gaarder, G.	1996	glomset, østre del
Vranglodnetunge	<i>Trichoglossum walteri</i>	Gaarder, Geir (1562)	1999	fylling: solli i naturbeitemark
Lakrismusserong	<i>Tricholoma apium</i>	Perry G. Larsen	2010	fylling
Besk kastanjemusserong	<i>Tricholoma batschii</i>	Larsen, Perry	2003	skodje: reikvam
Sienamusserong	<i>Tricholoma joachimii</i>	Dag Holtan	2011	straumsdalen
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Anders Breili	2006	engesettfjellet, sørsida
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Anders Breili	2004	glomsetmarka
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Anders Breili	2003	sætrevegen
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Anders Breili	2003	sandvika

7 Kjelder

7.1 Litteratur

Direktoratet for naturforvaltning 2006 (oppdatert 2007). Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999.

Dolmen, D. 1995. Ferskvannslokaliteter og verneverdi. Universitetet i Trondheim, Vitenskapsmuseet. Rapport Zoologisk serie 1995:6. 105 s.

Dolmen, D., Økland, K. A., Økland, J., Syvertsen, K. & Rabben, J. 1994: Blodiglas utbredelse og levevis i Norge. Fauna 47:214-229.

Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Gaarder, G. 1996. Biologisk mangfold i Glomsetmarka, Skodje kommune. Miljøfaglig Utredning, rapport 1996:12. 17 s.

Haugen, I. 1992. Barskog i Vest-Norge. Utkast til verneplan. DN-rapport 1992-9. 115.

Holien, H. & Tønsberg, T. 2006. Norsk lavflora. Tapir forlag. 224 s.

Holtan, D. 1999. Biologisk mangfold i Skodje. Rapport nr. 4. 67 s (upublisert).

Holtan, D. 2001. 10 verneverdige naturområder på Sunnmøre. Semesteroppgave ved Høgskolen i Nord-Trøndelag. Årsstudiet i natur- og kulturminneoppsyn 2001. 30 s.

Holtan, D. 2001. Barlinda *Taxus baccata* L. i Møre og Romsdal – på veg ut? Blyttia 59:197-205.

Holten, J. I. et al. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986:3B: 184 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Jordal, J. B. & Holtan, D. 2005. Kartlegging av naturtyper i Skodje kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 3-2005. 87 s. + kart. ISBN 82-92647-03-1.

Jordal, J. B., Holtan, D., Gaarder, G. & Grimstad, K. J. 2006. Status for solblom *Arnica montana* i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Blyttia 64: 213-230.

Korsmo, H. 1976. Forslag til reservater med barlind (*Taxus baccata*). Delrapport i forbindelse med Naturvernrådets landsplan for edelløvskogreservater i Norge, vol. 7. Botanisk institutt, NLH.

Krog, H., H. Austhagen & T. Tønsberg, 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.) 2010. Norsk raudliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lid, J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk raudliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Lindmo, S. et al. 1991. Verneverdige forekomster av barlind og kristtorn i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Universitetet i Bergen. Botanisk institutt, rapport 50: 125 s.

Melby, M. W. & Gaarder, G. 2001. Verdier i Solnørelva, i Skodje, Ørskog og Vestnes kommuner, Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-5. Utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 44 s. + vedlegg.

Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).

Miljøverndepartementet 1997. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida. St. meld. nr. 58 (1996-97).

Miljøverndepartementet 2001. Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. St. meld. Nr. 42 (2000-2001).

Moe, B. 1996. Supplerende registreringer til barskogplanen i fire områder på Nordvestlandet i 1996. Bergen. Upaginert.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

Tveten, E., Lutro, O. & Thorsnes, T. 1998. Geologisk kart over Noreg, berggrunnskart Ålesund, M 1: 250 000. Noregs geologiske undersøking.

7.2 Munnlege kjelder

Perry Larsen, Skodje

7.3 Verdsvevressursar

Følgjande databaser vart sjekka i mars 2012:

Mosedatabasen: <http://nhm2.uio.no/botanisk/mose/>


Lavdatabasen: <http://nhm2.uio.no/lav/web/index.html>

Soppdatabasen: <http://nhm2.uio.no/botanisk/sopp/>

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/FaneArtSok.aspx>

Naturbase: <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>

Kartleggingsstatus Skodje - 2012



Teiknforklaring

- Godt undersøkt
- Delvis undersøkt
- Ikke undersøkt

Godt undersøkt

Tilstrekkeleg som grunnlag for ei konsekvensutgreiing eller anna planutgreiing

Delvis undersøkt

Ein vesentleg del av A- og B-lokalitetane er kartlagt

Ikke undersøkt

Ingen kunnskap om A- og B-lokalitetar

